NYTT OM NAMN

Meldingsblad for

Norsk namnelag

Nr. 73/74

Med rapport
frå fagdagen i Språkrådet 27. oktober 2022

Redaksjon:
Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)
Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@gmail.com)
Wen Ge (ge.wen25@icloud.com)

Redaksjonssekretær:
Terje Larsen (terjelar1948@gmail.com)

Utgjevar:
Norsk namnelag

Utgjevarstad:
Institutt for nordiske og lingvistiske studium – Universitetet i Oslo

Nr. 73/74 – 2022/2023
Redaksjonen vart sluttførd 20. mars 2023

Adresser m.m.:

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknamnelag.no-+

Bankgiro: 7874.053.3362 Kontingenten er 300 kroner for året og inkluderer *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Har du spørsmål om laget, kan du venda deg til Terje Larsen på e-post: terjelar1948@gmail.com

Tidsskriftet *Namn og nemne*. Har du spørsmål om tidsskriftet, kan du venda deg til Tor Erik Jenstad på e-post: tor.jenstad@hf.ntnu.no

Meldingsbladet *Nytt om namn*. Har du spørsmål om meldingsbladet, kan du venda deg til Botolv Helleland på e-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Trykk X-ide

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

INNHALD

LEIAR
Terje Larsen: Ljospunkt i namnefaget.....5
NORSK NAMNELAG
Anne Svanevik: Referat frå styremøte i Norsk namnelag 6
Ivar Berg: Nytt om *Namn og nemne*.....8
Botolv Helleland: Wen Ge – ny medlem i redaksjonen av *Nytt om namn*.....9
NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA / KARTVERKET
Line Lysaker Heinesen: Tilskudd til stedsnavnprosjekt i 2022 13
Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavn 2022 14
Ellen Hellebostad Toft: Stadnamntenesta og fagråd for stadnamn i 2022.....16
Ellen Hellebostad Toft: Rapport om E-læringskurset i stadnamn 17
Karsten Lien: Sentralt stedsnavnregisters historie 18
FAGDAGEN I SPRÅKRÅDET
Ellen Hellebostad Toft: Fagdagen i Språkrådet 22
Botolv Helleland: Vegen fram mot ei lov om stadnamn 25
Terje Larsen: Stadnamnlova 1990–2022. Kva har skjedd? 30
Anne Svanevik: Stedsnavnarbeidet i Kartverket 44
Kaisa Rautio Helander: Retten til å få samiske stedsnavn i offentlig bruk: fra fornorskningspolitikken til lov om stadnamn 50
INTERNASJONALT NYTT
NORNA-symposium i Uppsala 4.–16. november 2023 54
Danmarks tednavne 100 år55
Ingvil Nordland: UNGEGN-møte 1.–5. mai 2023 ….....56
Wen Ge: Onomastics Online, ICOS-kongress i 2024 og ICOS-sumarskule i 2023.....56
Norsk namnegranskar intervjua på amerikansk nettavis 59
PROSJEKT OG INNLEGG OM NAMN
Gyri Smørdal Losnegaard: Ny nettside til Norsk Ordbok 59
Karl Peder Mork: Nytt innsamlingsprosjekt i Gloppen 61
Terje Larsen: Stadnamnprosjekt i Dovre 63

Odd Jan Skriubakken: Tom Schmidt tildelt Wilsemedaljen 65
NAMNEFAGLEGE JUBILANTAR
Botolv Helleland: Gulbrand Alhaug 69
Gunnstein Akselberg: Ole-Jørgen Johannessen 71
ARTIKLAR
Gudlaug Nedrelid: Ditta Jøntelgrovi 75
Finn Myrvang: "Kvindenavn som maaske ingen der har baaret, uden den ene [...]" 82
BOKOMTALAR
Wen Ge: Språksamlingane som temanummer i *Maal og Minne* 85
Kolbjørn Aune: *Namn langs Orkla* 87
Erik Johs. Vintermyr: *Stedsnavn i Birkenes* 89
Botolv Helleland: *Namn och bygd* med årgang 110 92
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI
Terje Larsen: Norsk namnebibliografi 2021–2022 93

LEIAR

LJOSPUNKT I NAMNEFAGET

Mykje har vore sagt og skrive om stoda for namnegranskinga dei siste åra. Og lat det vera sagt fyrst som sist: Stoda er vanskeleg med knappe ressursar. Men som eg skreiv i førre nummeret av *Nytt om namn*, er det ljospunkt. Som døme nemnde eg dei mange bokutgjevingane om namn dei siste åra, ikkje minst fullføringa av serien *Bustadnavn i Østfold*. Dette tjuebands-verket har Tom Schmidt ein stor del av æra for (han har redigert fjorten band. Margit Harsson, som døydde i 2021, redigerte seks band), og det var difor heilt fortent at han i 2022 fekk Wilsemedaljen, som blir gjeven til personar som har arbeidd for «vernet av den lokale kulturarv og fremmet interessen for denne» i Østfold. Heile grunngjevinga for tildelinga kan du lesa på s. 64 og dei fylgjande sidene. Namnelaget gratulerer!

Eit anna døme eg trekte fram, var jubileumskonferansen for Norsk stadnamnarkiv i Bergen i oktober 2021. Heile det siste nummeret av *Namn og nemne* (39), som nett er sendt ut, og som no har fått Ivar Berg og Tor Erik Jenstad som nye redaktørar, byggjer på føredraga på denne konferansen. Konferansen viste elles at namnesamlingane har funne seg godt til rette i Bergen, der Peder Gammeltoft og staben hans gjer ein stor innsats for å gjera dei tilgjengelege for ålmenta. To nettstader som kan nyttast, skal nemnast her:
https://www.uib.no/ub/114701/navnegransking og
https://toponymi.spraksamlingane.no/nb/app/table.

I dette dobbeltnummeret av *Nytt om namn* kan du lesa meir om det som skjer i namne-Noreg. Tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn, som Språkrådet administrerer, har god oppslutnad. I 2022 fekk tretten instansar tilskot, og desse er spreidde over heile landet. Eg er sjølv engasjert som leiar for eit prosjekt i Dovre kommune i regi av Dovre historielag, og eg er imponert over entusiasmen og innsatsen til deltakarane. Når dette arbeidet er ferdig, skal heile kommunen vera dekt. Det same gjeld prosjektet i Gloppen kommune, som er eit samarbeid mellom kommunen og Vestland fylkeskommune. Prosjektet er omtala i

dette nummeret av *Nytt om namn*. E-læringskurset *Vegen til stadnamnet*, som vart lansert i 2021, er også i godt gjenge, sjå omtale inne i heftet.

Også i 2022 kom det ut eit større bokverk om stadnamn; Vidar Haslums *Stedsnavn i Birkenes*. Boka er fyldig omtala på s. 89 og utover. Bibliografien sist i heftet syner elles stor skriveaktivitet. Gledeleg er det at så vidt mange tek for seg samiske namn. I oktober skipa Kartverket og Språkrådet ein felles fagdag om stadnamnarbeid. Fleire såkalla nestorar innan namnefaget var inviterte til å halda føredrag. Fire av føredraga er prenta her i bladet.

I år er det to namnejubileum. For det fyrste er det hundre år sidan vi fekk den fyrste personnamnlova. Styret i Namnelaget skal drøfta korleis det kan markerast på neste møte. Og Norsk namnelag sjølv er førti år; laget vart skipa 18. november 1983. Neste landsmøte skal vera i 2024, så feiringa blir nok ikkje før då. Tid og stad blir kunngjort på nettsida vår så snart det er klart og sjølvsagt også i neste nummer av *Nytt om namn*. Kanskje vi skal ha landsmøtet i *Oslo Science City*?

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSK NAMNELAG

REFERAT FRA STYREMØTE I NORSK NAMNELAG 4. APRIL 2022

Styret i Norsk namnelag hadde siste styremøte 4. april 2022 på Kartverket i Oslo. Til stede: Terje Larsen (leder), Anne Svanevik (nestleder), Gunnstein Akselberg (styremedlem), Ole Gunerius Deli (styremedlem), Karsten Lien (vara), Frode Myrheim (vara), Botolv Helleland (redaktør *Nytt om namn*), Ivar Berg (redaktør *Namn og nemne)*,Tor Erik Jenstad (redaktør *Namn og nemne*). De to sistnevnte var med på Teams under sak 1 og 2.

1. **Konstituering. Oppføring i Enhetsregisteret, Brønnøysund (adresse, signatur, prokura)**
Konstituering og oppføring på grunn av nytt styre og ny redaksjon for *Namn og nemne* etter landsmøtet i 2021.

2. Økonomien og Namn og nemne
Laget har en anstrengt økonomi. Utgiftene går opp. Utgivelsen gjennom Novus forlag er dyrere enn forespeilet. Inntektene går ned fordi medlemstallet synker. Vi får ikke lenger støtte fra bevilgende myndigheter til utgivelse av *Namn og nemne*, og tærer på bankbeholdningen. Mulige tiltak: 1) Sjekke med Novus hvorfor utgiftene har gått opp med 25 % på ett år 2) Andre forlag 3) Øke medlemskontingenten 4) Jobbe med rekruttering 5) Andre finansieringskilder (UiB, Språkrådet, Kartverket).

3. Nytt om namn
Mål om å komme i rute igjen med ett nummer pr. år. Namnelagets bankbeholdning dekker trykkekostnadene, UiO dekker utsendingen. Alle bes sende inn stoff.

4. Nettsida
Ny redaktør (Ellen Marie Lund Foldal) fra landsmøtet 2021. Nettsida trenger oppdatering. Noen lenker fungerer ikke, artikler bør oppdateres, aktuelt stoff bør inn – hva som skjer i fagmiljøet og i pressen. På sikt bør designet moderniseres.

5. Facebook-sida
Det er bra aktivitet på denne sida. Dessverre har noen innlegg hatt en uheldig, negativ tone. Redaktør Frode Myrheim følger med og har bedt vedkommende moderere stilen, slik at vi unngår at folk trekker seg fra gruppa.

6. Arbeidet framover / ymse
a) Oppfølging av synspunkt på landsmøtet 2021
Tilslutning til å etablere e-postlister til alle medlemmene. Dermed kan vi sende ut nyhetsbrev med jevne mellomrom.

b) «Feil» navn på kart og på vegskilt (jf. artikkel av Brynjar Mørkved i forrige *Nytt om namn*).

Gjennomgående har kommunene i seinere år blitt flinkere i navnearbeidet og til å følge opp navnevedtak. Kartverket har gode rutiner, men forsinket oppdatering og oppfølging forekommer. Vegvesenet har et systematisk problem. De mangler gode rutiner, til tross for mange forsøk på jobbing mot Vegvesenet fra Språkrådet og Kartverket. Tiltak: Sende eksempler på feil skilting og kartbruk til Kartverket, som undersøker egen kartbruk, og tar opp feil skilting med Vegvesenet i samarbeid med kommunene.

c) Annet
Hvor mange navn skal legges inn i Sentralt stedsnavnregister (SSR) på Kartverket og dermed tilflyte norgeskart.no? Svar: SSR skal først og fremst være et register for navn i offentlig bruk. Når Kartverket får spørsmål om registrering av navn fra lokale innsamlingsprosjekt, anbefaler de Språkrådets løsning for registrering av lokale navn. UiB (Peder Gammeltoft) arbeider med en felles stedsnavnportal der alle digitale samlinger av navn kan søkes opp.

Anne Svanevik
svafuru@gmail.com

NYTT OM *NAMN OG NEMNE*

Namn og nemne har frå 2022 fått ny redaksjon, Tor Erik Jenstad og Ivar Berg. Vi vonar at vi kan vidareføre *Namn og nemne* som ein allsidig vitskapleg publikasjonskanal for norsk namneforsking. Vi nyttar høvet til å takke dei som har gått før oss for innsatsen, og har laga ei liste over dei som har fungert som redaktørar for *Namn og nemne* sidan 1984 (sjå nedanfor).

Den nye redaksjonen innleier med noko heilt nytt, nemleg eit temanummer. *NN* 39 trykkjer omarbeidde innlegg frå konferansen «Stadnamn – språk, historie og landskap. Namnevitskapen i går, i dag, i morgon», som vart halden i Bergen 27.–28. oktober 2021 i høve 100-årsjubileet for Norsk stadnamnarkiv. Arrangør var Universitetet i Bergen ved Språksamlingane. Frå arrangøren har Peder Gammeltoft og Gunnstein Akselberg vore med i redaksjonen for dette nummeret.

Norsk stadnamnarkiv vart altså grunnlagt i 1921, og vart etter kvart til eit eige institutt ved Universitetet i Oslo. Etter ei rekkje samanslåingar ønskte ikkje Universitetet i Oslo lenger å sitje med korkje arkivmaterialet eller namnegransk-

inga. Både fysiske og digitale arkiv vart etter kvart overførte til Universitetet i Bergen, der dei no er ein del av Språksamlingane under leiing av namnegranskaren Peder Gammeltoft. Slik sett var det også høveleg at jubileumskonferansen vart halden i Bergen, der Norsk stadnamnarkiv hadde eit lite opphald i styringstida hans Gustav Indrebø i mellomkrigstida, og dit arkivet no er kome attende.

Konferansen hadde deltakarar frå Danmark, Sverige, Finland og Skottland i tillegg til Noreg. Som tittelen tyder på, samla konferansen meir tilbakeskodande innlegg, drøftingar av namnevitskapen i dag og visjonar for framtida. Det var også innlegg av meir «klassisk» slag med namnetolking og om korleis stadnamn kan brukast didaktisk. Desse er omarbeidde og til dels utvida til artikkelformat i *Namn og nemne* 39. Vi håpar alle finn eitkvart interessant blant dei.

Redaktørar for *Namn og nemne* 1984–2021

Ole-Jørgen Johannessen	1984–1996, 2013–2021
Oddvar Nes	1984–2004
Gunnstein Akselberg	1995–2012
Kristoffer Kruken	2005–2009
Gudlaug Nedrelid	2010–2021
Aud-Kirsti Pedersen	2010–2018
Inge Særheim	2010–2012
Vidar Haslum	2013–2021
Tom Schmidt	2016–2021

Ivar Berg
ivar.berg@ntnu.no

WEN GE – NY MEDLEM I REDAKSJONEN AV NYTT OM NAMN

Med Wen Ge har *Nytt om namn* fått med ein ny medlem i redaksjonen, og han er ikkje nett henta inn frå gata, men heller langt borte frå, heilt frå Kina. Han har alt vist seg som ein effektiv og kunnig granskar innan norske namn (og målføre) og vil såleis vera eit viktig tilskot til redaksjonsgruppa i meldingsbladet. Ikkje minst har han god oversikt over det internasjonale forskingsmiljøet innan namnegransking.

Nedanfor kjem eit intervju med Wen Ge der redaktøren av *Nytt om namn*, Botolv Helleland, spør om korleis Wen hamna i Noreg, med stadnamn og målføre som interessefelt. Det kan leggjast til at Wen meistrar bokmål og nynorsk både skriftleg og munnleg.



Wen Ge. Foto: Privat

Du har byrja på doktorgrad ved Universitetet i Bergen med stipend frå Høgskulen i Volda – ein lang veg frå heimlandet? Fortel litt om korleis det heile byrja!

Wen:
«Dette er ei litt lang historie, men eg skal fatta meg kort. Eg voks opp i Kina. Då eg var ni eller ti år gamal, vart eg kjend med Noreg gjennom ei barnebok som omhandlar eit moderne eventyr i landet (*Das Geisterflugzeug* [Spøkelsesflyet]), skrive av austerrikaren Thomas Brezina. Eg likte eventyret godt. Seinare møtte eg på Skandinavia i ein engelsk tekst i skulen. Dette var òg med å vekkja interessa mi for dei nordiske landa. Etter kvart vart eg kjend med nordmenn og islendingar, og kontaktane var hyggjelege. I tillegg har eg alltid hatt sterk språkinteresse.

Alt dette har bidrege til at eg valde å ta ein bachelorgrad i «Scandinavian Studies and Linguistics» (2015–2019) ved Universitetet i Edinburgh. Etterpå tok eg ein toårig mastergrad i «Viking and Medieval Norse Studies» (2019–2021),

som var delt mellom Universitetet på Island (fyrste året) og Universitetet i Oslo (andre året). Deretter fekk eg arbeida som vitskapleg assistent for prosjektet Norsk Ordbok A–H ved Universitetet i Bergen i eitt år på deltid (2021–2022). I august 2022 byrja eg som stipendiat ved Høgskulen i Volda, med ph.d.-utdanning knytt til Universitetet i Bergen. Eg vil gjerne nemna at eg som stipendiat bidreg litt til samarbeid mellom dei to institusjonane rundt Språksamlingane gjennom arbeidsoppgåver for Norsk Ordbok og Norsk stadnamnarkiv.»

Korleis gjekk det til at du valde å spesialisera deg i norsk stadnamngransking?

Wen:
«Eg har alltid hatt lyst å gå denne vegen, men andre har òg vore med å gje meg motivasjon. Eg har alltid vore tiltrekt av litt «sære» emne, og stadnamna synest eg er eit litt spesielt emne. Dei skil seg på fleire måtar frå vanleg språk og må beskrivast og tolkast på eige grunnlag. So for meg er det eit spanande felt.

For meg har det vore vanskeleg å studera norske stadnamn pga. svært avgrensa tilbod i namnegransking som emne på universiteta. Likevel er eg heldig som har kome inn i namnestudiet ved hjelp av ein del stadnamngranskarar i Skottland, Noreg, Finland og på Island. Utan fagleg og medmenneskeleg støtte av desse hadde eg kanskje ikkje valt å gå vidare med faget.

Eigentleg fell det meg ikkje so unaturleg å studera norsk språk eller norske stadnamn. Her tenkjer eg på sinologar av ikkje-kinesisk opphav, t.d. svensken Bernhard Karlgren (1889–1978). Han er den aller fyrste personen som på systematisk vis kartla kinesiske målføre for å rekonstruera mellomalderkinesisk ved hjelp av moderne vitskaplege metodar. Når Karlgren kan gjera slikt, kvifor kan eg ikkje bidra litt til norsk stadnamngransking? Det handlar om å visa interesse for einannan. Dette er so enkelt og opplagt for meg.»

Kva er emnet for ph.d.-avhandlinga?

Wen:
«Medan eg har sans for historisk-etymologisk vinkla stadnamngransking, er ph.d.-prosjektet mitt meir notidsorientert. I ulike samanhengar har det vore sagt at lokalt nedarva uttale eller tradisjonell lokal dialektuttale av stadnamn er i gang med å forsvinna mange stadar i landet. So langt har det vore berre få studiar i Noreg som granskar kor godt lokal nedarva uttale av stadnamn er overlevert blant lokal folk i dag. I ph.d.-prosjektet mitt skal eg undersøkja eventuell endring i uttale av

gardsnamn i forhold til lokalt nedarva uttale, so vel som årsaker til eventuell endring. Døme: Lokalt nedarva uttale til gardsnamnet *Nå* i Ullensvang er /nao/, men i dag høyrer ein visst oftare /nå/ blant yngre. Endringa i uttalen av namnet kan eventuelt koma av lydendring i Ullensvang-målet og/eller påverknad av skriftforma *Nå*, dvs. skriftuttale. Prosjektet har eit komparativt perspektiv: Eg vil sjå på to område i Noreg – det eine er Ullensvang, det andre kan vera på Sunnmøre – og eit område i Sør-Jylland, Danmark. Apparent-time-metoden (tilsynelatande notid) skal primært brukast til å granska eventuelle endringar.»

Korleis vil du bidra til Nytt om namn *som ny redaksjonsmedlem?*

Wen:
«Eg kom inn i redaksjonen fyrst i oktober 2022. So langt har eg som hovudoppgåve å føreslå moglege aktuelle innlegg og å kontakta moglege bidragsytarar både i og utanfor Noreg. I tillegg til desse oppgåvene vil eg i framtida ta sikte på å orientera lesarane våre om aktuelle prosjekt og aktivitetar, ikkje minst nyare innfallsvinklar i namnegransking innan det internasjonale namnegranskarmiljøet. Elles vil eg læra å vurdera innlegg meir sjølvstendig og bidra til effektivisering og idéskaping i redaksjonsarbeidet, sjølvsagt med dei avgrensingane ph.d.-prosjektet set.»

Korleis tenkjer du deg framtida i Noreg, for deg, og for namnegransking no når Stadnamnarkivet er nedlagt i Oslo og det minkar på namnekunnige fagfolk ved dei akademiske institusjonane?

Wen:
«Fyrst og fremst vil eg prøva å levera inn ph.d.-avhandlinga innom normert tid. Og so hadde det vore kjekt å få halda fram med namnegransking på ein eller annan måte, t.d. som forskar, arkivar og/eller forskingskoordinator. Og det er ikkje noko nytt at stadnamngransking for tida er i knipe med tanke på rekruttering og løyving. Medan me framleis har duglege eldre fagpersonar, er det jo lite yngre blod i fagmiljøet. I den norske universitetsverda har me per i dag tre stipendiatar i stadnamngransking: Ingvil Nordland (NMBU/Språkrådet), Krister Vasshus (UiB) og eg. Dessutan arbeider fyrsteamanuensis Randi Neteland (HVL) og høgskulelektoren Samuele Mascetti (HVL) med stadnamn som eit av forskingsfelta sine. Elles har me yngre stadnamnmedarbeidarar i Kartverket som Ole Gunerius Deli og Erlend Trones. Karl Peder Mork jobbar med stadnamnarkivet i Vestland fylkeskommune. Og me har ein masterstudent som heiter Åsmund Christenson. Han

skriv ei masteroppgåve om stadnamn og arbeider på deltid med stadnamn ved Kartverket. Eg vonar at me yngre, i lag med eldre namnegranskarar (og sjølvsagt dei som er mindre opp i åra), kan ha eit godt samarbeid framover og bidra til vidareutvikling av faget i Noreg. Det har ofte vore snakk om fornying av namnegranskinga. Eg har lurt på om komparativ namnegransking mellom ulike land innanfor og utanfor Norden kunne vera ein god veg å gå for å fornya faget og skapa litt meir fagpolitisk medvind. Me får sjå.»

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA / KARTVERKET

TILSKUDD TIL STEDSNAVNPROSJEKT I 2022

Nr.	Søker – prosjektleder – kort beskrivelse	Beløp
1	Kvensk Finsk Riksforbund – Bjørnar Seppola – fullføring av påbegynt prosjekt fra 2016	80 000
2	Arbeidsgruppe for innsamling av stedsnavn i Klæbu – Terje Klokk / Eli Johanne Ellingsve – innsamling, kartfesting og dataregistrering av stedsnavn i Klæbu kommune	30 000
3	Jan Helge Røskar / Halsa Historielag – Jan Helge Røskar – innsamling i deler av gamle Valsøyfjord kommune	162 000
4	Karlsøy og Helgøy Historielag – Martin Hansen – innsamling og registrering av navn i Karlsøy kommune	138 000
5	Eli Johanne Ellingsve – Eli Johanne Ellingsve – kartfesting og digitalisering av Ottar Gjelsviks hovedoppgave «Fjellnamn frå Rørosbygdene»	30 000
6	Bygdebokkontoret i Vefsn – Knut Skorpen – registrering av navn fra Vefsn kommune (den vestlige delen)	87 000
7	Bygdebokkontoret i Vefsn – Knut Skorpen – innsamling	90 000

	av navn i Grane kommune	
8	Gloppen kommune – Karl Peder Mork – innsamling av navn fra områdene Hyen, Sandane Vest og Sørstranda	180 000
9	Hålandsneset Grendalag – Kaia Marie Amland – innsamling av stedsnavn fra Hålandsneset i Tysnes kommune	180 000
10	Kvensk språksenter Vadsø AS – Raymond Olufsen – innsamling av gamle kvenske stedsnavn i Vadsø sentrum	126 200
11	Dovre historielag – Terje Larsen – kontroll, dataregistrering og kvalitetssikring av innsamlede stedsnavn i Dovre kommune	21 800
12	Kroken Jeger- og Fiskerforening – Lennart Skoglund – innsamling av stedsnavn i Brødsjø Statskog / Kroken	180 000
13	Stiftinga Stemnebø Ting – Leiv Ingmar Kaale – innsamling og registrering av stedsnavn på Hisarøyna i Gulen kommune	70 000

Line Lysaker Heinesen
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVN 2022

Referat fra Klagenemnda for stedsnavnsaker 2022

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde møte 2. september 2022. Skjemaet nedenfor viser sakene som ble behandlet på dette møtet. Fullstendige vedtaks-referater finnes på Språkrådets nettsider.

Sak nr.	Navn, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
5/2021	*Horten stasjon* eller *Skoppum stasjon*,	Stasjonsnavn	Skoppum stasjon	Saken avvises fordi den faller

	Horten kommune, Vestfold og Telemark fylke			utenfor nemndas jurisdiksjon
15/2021	*Trifon-* eller *Trifan-*/*Triffanan-*/*Triffan-*, Sør-Varanger kommune, Troms og Finnmark fylke	Forledd i naturnavn og tunnelnavn	Trifon-	Trifan- (norsk), Triffanan- (kvensk), Triffan- (nordsamisk)
16/2021	*Litleåsen*/*Lisjeåsen*, Stad kommune, Vestland fylke	Naturnavn	Lisjeåsen	Litleåsen
1/2022	*Byrkije*/*Burkije*, Røyrvik, Hattfjelldal, Grane og Namsskogan kommuner, Trøndelag og Nordland fylker	Naturnavn (sørsamisk)	Burkije, Burkeje	Saken ble utsatt fordi det ikke er oppnevnt sørsamiskkyndig medlem i nemnda
2/2022	*Bås*/*Baas*, Åmli kommune, Agder fylke	Gårdsnavn med avledninger	Baas	Bås
3/2022	*Bekkjorden*/ *Bekjorden* og *Bellbakken* (hovednavn)/ *Vollbakken* (undernavn)/ *Voldbakken*, Flesberg kommune, Viken fylke	Gårds-, bruks-, seter- og naturnavn	Bekjorden, Voldbakken (Vollbakken) som hovednavn	Bekkjorden og Bekkjords-, Vollbakken (hovednavn) og Bellbakken (undernavn), i sms. Vollbakk-/Bellbakk-
4/2022	*Øvre Lerdal* / *Lerdal Øvre*, Trondheim kommune, Trøndelag fylke	Gårdsnavn	Lerdal Øvre	Øvre Lerdal
5/2022	*Geislafoss*/*Gislefoss*, Lyngdal kommune, Agder fylke	Gårds- og bruksnavn	Gislefoss	Gislefoss
6/2022	*Gårdselva* og *Gårdselvtinden*/ *Gorželvtinden*, Tromsø kommune, Troms og Finnmark fylke	Naturnavn	Gorželvtinden	Gårdselva og Gårdselvtinden
7/2022	*Brenngam*/	Grendenavn	Brenngammen	Saken sendes

	Brenngammen, Lebesby kommune, Troms og Finnmark fylke			tilbake til kommunen for bedre begrunnelse for kommunens vedtak
8/2022	*Stogo-*/*Stugu-*, Nord-Aurdal kommune, Innlandet fylke	Natur-, seter-, bruks- og adressenavn	Stugu-	Stogo-
9/2022	*Veggem*/*Veggum*, Sel kommune, Innlandet fylke	Gårdsnavn med avledninger	Veggum	Veggum, i sms. Veggums-

Line Lysaker Heinesen
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

STADNAMNTENESTA OG FAGRÅDET FOR STADNAMN I 2022

Stadnamntenesta høyrer til Språkrådet og ligg under seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving. I 2022 har stadnamntenesta bestått av tre rådgjevarar som behandlar saker som gjeld norske stadnamn og éin rådgjevar som gjev tilrådingar i kvenske stadnamnsaker. I tillegg til rådgjevarane er det oppnemnt fem eksterne namnekonsulentar for norske stadnamn og éin for kvenske stadnamn.

Desse namnekonsulentane utgjer òg fagrådet for stadnamn. I 2022 har fagrådet bestått av Ivar Berg (leiar), Irene Andreassen (kvenske stadnamn), Roger Lockertsen, Anne Svanevik, Rune Røsstad og Ingvil Brügger Budal. Fagrådet har møte omtrent ein gong i kvartalet. På møta diskuterer det saker som gjeld stadnamnarbeid og stadnamnlovgjeving i Noreg generelt og saker om spesifikke stadnamn. I 2022 hadde fagrådet tre møte, eitt fysisk (i Oslo) og to digitale. Mellom møta hadde fagrådet fortlaupande e-postkorrespondansar med faglege diskusjonar.

Gjennom heile 2022 har fagrådet arbeidd med å oppdatere lista med utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn i lys av endringane dei siste åra i stadnamnlova og i forskrift om stadnamn. Vidare har fagrådet diskutert følgjande stadnamn (og namneledd) i løpet av året (det aktuelle kommunenamnet står i parentes): *Brinsdal* vs. *Bringsdal* (Lindesnes); namneleddet *-sjø-*/*-sjy-* og

fleirtalsendinga *-en* i femininum i stadnamn (Senja); skrivemåten av det kvenske bruksnamnet *Pakasenkenttä* eller *Pakanenkenttä* (Tana); naturnamnet *Høgkjettil* (Midtre Gauldal); namneleddet *-skåra*/*-skora* i naturnamnet *Sagbekkskåra/-skora* (Engerdal); opphavet til og skrivemåten av elve- og fjellnamnet *Gårdselva* og *Gårdselvtinden*/*Gorželva* og *Gorželvtinden* (Tromsø); ulike tilrådingar om skrivemåten av namnet *Narum* aleine og i samansetjing (*Nare-*) (Sigdal); namneleddet *Helle-* eller *Hedde-* i *Heddesfjellet* (Valle).

Nokre av fagrådsmedlemene har i tillegg halde innlegg på fellesmøtet for fagråda i november og ein fagrådsmedlem deltok med innlegg på fagdagen om stadnamn i oktober (sjå eige notat om fagdagen).

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

RAPPORT OM E-LÆRINGSKURSET *VEGEN TIL STADNAMNET*

E-læringskurset *Vegen til stadnamnet* held stand – her kjem ein liten rapport om stoda. Sidan kurset vart lansert i april 2021, har det nådd breitt ut til og blitt gjennomført av mange av dei vi reknar som målgruppa. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), som er eigar av nettstaden Læringsplattforma der kurset ligg, melder om følgande oppdaterte tal per januar 2023:

Har vore innom og gjennomført delar av kurset: 325.
Har fullført heile kurset: 145.
Skriftlege evalueringar og karakterevalueringar: 13.

Her er nokre utdrag frå dei skriftlege evalueringane:

Fint for å få oversikt og greit å ha som oppslagsverk.
Morsomt og lærerikt!
Jeg likte denne måten å lære på.
Jeg synes kurset var faglig nyttig.
Totalt sett er jeg fornøyd med kurset.

Sidan lanseringa i 2021 har det blitt sendt ut lenkje til e-læringkurset til mange kommunar. Når Språkrådet sender ut tilrådingar i adresseringssaker, blir lenkja til e-læringskurset lagd ved nedst i tilrådingsbrevet dersom kommunen ikkje har fått lenkje tidlegare. Dei fleste av kommunane i landet har i tillegg mottatt ein e-post med informasjon om kurset, og Kartverket har ved fleire høve omtala og reklamert for kurset i nyhendebrevet sitt.

Det blir for tida arbeidd med å gjere det enklare å søkje opp og få treff på *Vegen til stadnamnet* på nettet. Ein får treff på kurset dersom ein søkjer med søkjeordet «stadnamn», men ikkje når ein søkjer på bokmålsforma «stedsnavn». Dette er ei ulempe når ein tenkjer på at det er fleire som nyttar bokmål som skriftspråk enn nynorsk. Likevel vil nok det faktumet at namnet på lova er *lov om stadnamn* føre til at det er relativt nærliggjande for mange som kjenner litt til feltet, å søkje nettopp på «stadnamn», i alle fall dersom dei først har prøvd med «stedsnavn» og ikkje fått treff, eller dersom dei kjenner til eller har fått høyre at det eksisterer eit slikt kurs. Språkrådet er i kontakt med DFØ om saka, og DFØ har lova å gjere sitt for det skal verte enklare å finne kurset på nettet.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

SENTRALT STEDSNAVNREGISTERS HISTORIE[1]

Bakgrunn

Opprinnelsen til Sentralt stedsnavnregister (SSR) må vi tilbake til rundt 1985 for å finne. Da ble det utviklet et system med kartbladvise databaser – såkalte ISAM-databaser. Disse ble først utviklet for å lage fotosats av navn som skulle på kart i serien Norge 1:50 000. Sentral i dette arbeidet var Rune I. Hanssen. Dette var nesten tilbake i tida da det ble jobbet med hullkort!

Seinere ble det utviklet en ny modul for å digitalisere plasseringen av navna på kartbladet, slik at det kunne lages plott til kartredaktørene. Denne modulen ble bl.a. utviklet av Anne Marie Tollefsen. Selv digitaliserte jeg kartbladet Ålesund i juli 1988 – den første oppgava jeg hadde i Kartverket!

[1] Skrevet i 2016, oppdatert 2022.

I tida som fulgte, ble det arbeidet med et navneregister for Forsvaret. Dette skulle erstatte et register for M711 (Norge 1:50 000) som ble laget helt tilbake i 1957. Det nye registeret ble utgitt i tre bind, i 1990–91.

Dette navneregisteret var laget på grunnlag av et felles dataregister, med navn fra alle de 727 kartbladvise databasene samlet i én database, kalt SIBAS. Den inneholdt 340 000 navn og var dermed det som var starten for SSR.

En liten quiz:

– Det første navnet i bind 1 er *Abbedissefjellet*, hvor er det? Det er på Askøy og ligger 80 moh. Skrivemåten er godkjent.

– Det siste navnet i bind 3 er *Åvstarjåkka – Austerelva*, hvor er det? Den ligger i Vardø, og den godkjente nordsamiske skrivemåten er *Ovsttarjohka*.

Hva var så den formelle bakgrunnen for opprettelsen av SSR – og for selve betegnelsen, SSR? Disse offentlige dokumentene kan bidra til svar. NOU 1983: 6 *Stadnamn* sier bl.a.: «Etter kvart som stadnamn av ulike slag blir registrerte og skrivemåten fastsett, bør dei «meldast inn» til eit *sentralt EDB-basert register*. Sidan stadnamn er namn på territorielle punkt, liner og område som er eller kan verta kartfesta og altså må plasserast innanfor eit nasjonalt koordinatsystem, vil det vera rimeleg å gje *Noregs geografiske oppmåling* denne oppgåva.»

Videre heter det i Ot.prp. nr. 66 (1988–89) Lov om stadnamn: «I samarbeid med Statens kartverk er det planlagt å opprette eit register som inneheld opplysningar om … den namngitte lokaliteten. Dette vil dekkje administrative behov i samband med lova […]. Eit slikt register vil vere ei vidareføring av eit EDB-register Statens
kartverk har bygt opp i samband med hovudkartserien M 711 […].
Store delar av registeret ligg på magnetband fordi Statens kartverk i masselageret (*på disk*) berre treng ha namn innanfor kartblad som er under arbeid. For at brukarane av eit sentralt stadnamnregister skal ha tilgjenge til heile namneregisteret, må alle namna liggje i masselageret i form av ein database. … Statens kartverk har sagt seg villig til å ta hovudansvaret for etablering og drift av eit slikt stadnamnregister.»

Merknader til lov om stadnamn av 18. mai 1990 presiserer vidare: «Dersom lova skal fungere etter føresetnadene, må det byggjast opp eit *sentralt EDB-basert stadnamnregister* som inneheld godkjende namneformer. Dette er tenkt lagt til Statens kartverk, som alt har byrja å byggje opp eit slikt register over namn på hovudkartserien (M 711-serien).»

Slik ble altså Sentralt stedsnavnregister (SSR) formelt etablert, gjennom lov om stadnamn som trådte i kraft fra 1. juli 1991. Loven og registeret er dermed 25 år i år [i 2016]! Anne Svanevik ble ansatt på samme dato som loven trådte i kraft – som forvaltningsansvarlig for arbeidet med stedsnavn. Det som skjedde dette året, var så viktig at det kom som overskrift for Landkartdivisjonens del av Kartverkets årsrapport for 1991!

Johnny Andersen kom inn i bildet da Landkartdivisjonen ble omorganisert i 1991. Han ble da produktansvarlig for SSR i markedsavdelingen. Neste versjon av SSR ble spesifisert av Johnny – jeg husker godt diskusjonene han hadde med Odd Eriksen. Men Johnny ga seg ikke og fikk det til. Han har hatt ansvaret for SSR helt fram til 2013. Det er ikke rart han fikk hedersbetegnelsen «SSRs far».

Blant de ting Johnny jobbet med, var spesifikasjoner og objektbeskrivelser. En annen som bør nevnes fra denne tida var Kent Jonsrud. Han var i IT-tjenesten, og han var svært sentral i forhold til videreutvikling av SSR, bl.a. med standardisering, databasestrukturer og tegnsett.

Det må også nevnes at på begynnelsen av 90-tallet ble forholdet til navn i GAB tatt opp, uten at vi i første omgang fant noen løsning. Men det ble arbeidet videre med problemet, og i 2019 kunne vi kople SSR og matrikkelen.

Når det gjelder føringen av SSR, foregikk alt først som sentral føring. De første endringene ble faktisk lagt inn, og de gamle registreringene ble slettet! Dette førte til at jobben ble stanset, fram til en fikk tatt vare på historikken. Fylkeskart-kontorene overtok selv føringen av SSR fra 1996. Dette ble ansett som naturlig, da Kartverkets vedtaksmyndighet for skrivemåten av stedsnavn allerede var lagt dit, fra starten i 1991.

I 1996 fikk vi så et nytt system – dette er dagens utgåtte versjon. Dette systemet har altså blitt 20 år, og det er nå modent for utskifting. Trestrukturen i klienten kom i 1996 – før hadde det bare vært ulike skjermbilder en måtte skifte fra og til. Og for første gang kom det en kartbakgrunn i systemet. Først bare med Norge 1:1 mill., men snart med kart i større målestokk.

I 1997 ble det bestemt at kartdatamiljøet skulle hente alle navn fra SSR. Inntil da hadde alle lister med vedtak blitt sendt fra fylkeskartkontorene til Anne Svanevik, som etter en kontroll sendte dem videre til kartredaksjonen.

Allerede i 1993–95 var det digitalisert navn fra Økonomisk kartverk (ØK). Rundt 70 000 navn var sendt over til Kartverket sentralt, fra Vestfold og Rogaland. I 1999 var det ønskelig med ei kobling mellom redigeringsprogrammet Fysak og SSR for å lette jobben med navn i FKB. Og nå i 2016 nærmer vi oss snart målet med alle navn fra ØK i SSR. Bare litt i Rogaland står igjen.

Jeg skal også si litt om navn fra sjøkart. Rundt år 2000 ble det besluttet at vi kunne modernisere det til dels gammelmodige språket på sjøkart (fra før 1900) og legge stedsnavna inn i SSR, uten en tung saksbehandling. Det ble god framdrift for arbeidet, noe som har ført til at i dag er alle navn fra hovedkartserien, havnekartene og nesten alle kystkartene lagt inn i SSR. For overseilingskartene gjenstår fortsatt mye, og for områdene rundt Svalbard og de andre polare områdene er ikke noe registrert. Dessuten gjenstår det mye i *Den norske los*.

Lovendringen i 2006

Det ble nå innført et skille mellom gårdsnavn og bruksnavn (før den tid var alt kodet som bruksnavn fordi «[d]epartementet i proposisjonen ikkje har skilt mellom gardsnamn og andre bruksnamn, då dette hovudsakleg synest vere av matrikkel-teknisk interesse» (sitat fra merknad til § 1 i loven). Noe fart på dette arbeidet fikk vi ikke før i 2016. Dette skjedde fordi loven ble endret i 2015, og grunneierne fikk da større råderett over skrivemåten av navn på egen eiendom (bruksnavnet). Kulturdepartementet gav i den forbindelse en ekstrabevilgning.

Et begrep som i perioden mellom 2006 og 2010 dukket opp, var Nasjonalt stedsnavnregister (NSR). Arvid Lillethun, som da var fagdirektør for forvaltning, var en ivrig forkjemper for å få til en integrasjon mellom SSR og en rekke stedsnavndatabaser hos fylkeskommuner, universiteter og andre institusjoner.

I 2009 startet så endelig arbeidet med å utvikle et nytt SSR – en tredje generasjon. Nå ble det utarbeidet forslag til ny struktur for databasen og et nytt brukergrensesnitt.

Involvert i dette arbeidet var bl.a. Arvid Lillethun, Johnny Andersen, Anne Svanevik, Finn Isaksen, Oddmund Vestenfor, Aud-Kirsti Pedersen, Sindre Vaagland, Ben Worsley, Rune Johnsrud, Øystein Nilsen – og sikkert flere! Både Sindre og Ben har vært prosjektledere. Litt betegnende er et sitat fra årsrapporten for 2009 fra Johnny:

«I 2009 ble det startet flere prosjekter for SSR. Siden disse tas opp med NGIS har vi måttet vurderes sammen med Matrikkelen og Norge digitalt. Dette gjør at vi alltid har blitt satt bak i køen. Dette merkes på fremdriften på prosjektene».

Men så fra rapporten for 2012:

«Det er startet opp arbeid med helt nytt konsept for dataløsning for stedsnavn. Trinn 1 med å spesifisere en helt ny database med utvidet innhold er i stor grad ferdig. Dette vil dekke opp flere detaljer i stedsnavnene og vil gjøre at kommunikasjonen med andre brukere som kommune/statsetater og navnekonsulentmiljøet i Språkrådet skal bli bedre».

Kartverket friga alle stedsnavnene i SSR for gratis nedlasting våren 2013. Dermed ble om lag 950 000 navn gjort gratis tilgjengelig. SSR hadde lenge vært tilgjengelig for gratis innsyn for publikum. Men kartprodusenter og andre som ønsket å laste ned dataene for å bruke dem i egne kartprodukter på land og sjø, måtte betale for tjenesten. Det slapp de å gjøre etter dette. Frislippet inkluderte fri nedlasting av stedsnavn-datasett, fri tilgang til søketjenester og Se stedsnavn med faktaark.

Til slutt litt om Kjetil Ringens rolle – han overtok etter Johnny Andersen på slutten av 2013. Han har vært oppdragsansvarlig for SSR siden da, og har gjennom det hatt ansvaret for å bringe SSR 2.0 i mål. Men det var først fra 2014 at vi fikk utviklingsressurser tilgjengelig – i en 60 %-stilling. Tor Egil Strand har vært helt sentral i dette arbeidet. Fra i fjor fikk Kjetil svært god hjelp av Bernt Strømsli som prosjektleder, helt fram til lanseringen i dag. Planen var at SSR 2.0 skulle vært ferdig til 15. desember 2015, ifølge tildelingsbrevet fra KMD. Vi fikk en utsettelse til 15. mai 2016 – og kom endelig i mål!

Det er som jeg sa i starten, sikkert flere som kunne vært nevnt. Men i en historisk oversikt er det dessverre ikke mulig å få med seg alle – så jeg ber om unnskyldning til de som er glemt her. Jeg måtte gjøre noen valg!

Lykke til med SSR 2.0 – dette er en milepæl for arbeidet med stedsnavn i Kartverket! Takk til Anne Svanevik og Kjetil Ringen for hjelp til artikkelen.

Karsten Lien
karsten.lien@kartverket.no

FAGDAG OM STADNAMN 27. OKTOBER 2022

PROGRAM OG FØRELESARAR PÅ FAGDAGEN

Torsdag 27. oktober 2022 vart det arrangert fagdag om stadnamn. Ideen om fagdagen oppstod og blei utvikla av Ingvil Nordland frå Språkrådet og Berit Sandnes frå Kartverket. Arrangementet var altså heilt frå starten av eit samarbeid mellom Språkrådet og Kartverket. Planlegginga av arrangementet blei gjort i fellesskap, og sjølve dagen gjekk føre seg i Språkrådet sine lokale i Oslo. R
esultatet blei særs vellykka.

Det er mange som arbeider med stadnamn i t.d. Språkrådet, Sametinget og Kartverket. Alle har ulik fagleg bakgrunn. Nokre har studert namnegransking, medan andre kjem frå andre fagområde. På fagdagen inviterte vi ei rekkje sentrale personar i stadnamnmiljøa ved dei ovannemnde institusjonane til å få overlevert kunnskap frå nokre utvalde nestorar innanfor stadnamnforskinga.

Etter at Institutt/ Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo blei lagt ned, har det ikkje lenger vore noko tilbod om ordinære emne i norsk namnegransking, men nokre av dei som gav undervisning i namnegransking medan faget fanst, var til stades og heldt innlegg på fagdagen. På Samisk høgskole er det undervisning i samisk onomastikk, og professoren som held desse kursa var òg til stades og hadde innlegg.

Programmet

Vi var så heldige at vi hadde fått samla dei beste seniorane (som for høvet fekk tittelen «nestorar») innan stadnamnarbeid til å dele kunnskapen sin denne dagen. Det heile starta med ein presentasjon om namneforsking generelt ved Tom Schmidt. Deretter tok Botolv Helleland føre seg prosessen som førte fram til ei stadnamnlov i 1990. Terje Larsen tok over stafettpinnen og heldt eit føredrag om sjølve stadnamnlova og utviklinga av lova frå ho vart lansert første gong og fram til siste reviderte versjon tredde i kraft i 2021. Etter lunsj heldt Anne Svanevik innlegg om stadnamnarbeidet i Kartverket og til slutt fekk vi eit føredrag om samiske stadnamn ved Kaisa Rautio Helander frå Samisk høgskole. Etter desse innleiingane fekk alle som ønskte det, høve til å stille spørsmål til nestorpanelet vårt!

Litt om nestorane

Alle dei fem nestorane fekk ein munnleg presentasjon for forsamlinga før dei heldt innlegget sitt.

Tom Schmidt

Tom er den siste professoren i *norsk* namnegransking. Da han gjekk av med pensjon i 2020, hadde han vore ein dugande og inspirerande førelesar i over fire tiår, og fleire av dei som var til stades på fagdagen, har hatt Tom som førelesar. Han er kjend for storverket *Bustadnavn i Østfold* og for ei omfattande doktoravhandling om namn på *-by* og *-bø*. I tillegg har han skrive om stadnamn i Valdres. Tom har vidare samla inn stadnamn i Nordfjord. Desse er no tilgjengelege via nettsidene til Sogn og Fjordane Fylkesatlas.

Botolv Helleland
Botolv er kjend som «onomastikkens harding» eller «Mr. Stadnamn». Han er ein god representant for kontinuiteten på fagfeltet. Han var med i stadnamnutvalet som i 1978 fekk i oppdrag å førebu ei lov om skrivemåten av stadnamn. Innstillinga frå utvalet vart lagt fram som NOU 1983: 6 *Stadnamn*. Lov om stadnamn vart vedteken 18. mai 1990. Botolv har representert Noreg i FNs ekspertgruppe for normering av geografiske namn (UNGEGN) i perioden 1987–2012. Han var president for den 10. FN-konferansen om stadnamn i New York 2012. Han er stadig aktiv i Norsk namnelag og hovudredaktør for meldingsbladet *Nytt om namn*. Vidare har han vore ein pådrivar for dei årlege namneforskarseminara. Det er lett å få kjensla av at Botolv har vore overalt og deltatt på alt, noko som kan ha samanheng med at han ikkje har ordet *nei* i vokabularet sitt!

Terje Larsen
Terje Larsen var ein krumtapp i samband med innføringa av stadnamnlova. Han var den einaste namnesekretæren i heil stilling da lova tredde i kraft i 1991. Terje fungerte difor som koordinator i namnetenesta på den tida. Etter at stadnamnlova hadde tredd i kraft, reiste Terje rundt i kommunane for å gjere lova kjend. Terje har også vore sekretær i klagenemnda for stadnamn. Han har vore tilknytt Institutt for namnegransking ved Universitetet i Oslo, og hadde da mellom anna ansvaret for biblioteket som høyrde til instituttet og for stadnamnbibliografiane.

Anne Svanevik
Anne hadde den første arbeidsdagen sin i Kartverket 1. juli 1991. Det var same dagen som *lov om stadnamn* tredde i kraft. Ho blei tilsett som forvaltingsansvarleg for stadnamn. Anne var i denne stillinga fram til 2001. Da blei ho seksjonsleiar, noko ho heldt fram med ut 2012. I heile denne perioden arbeidde ho òg ein god del med stadnamnfaget. Frå 2013 var ho rådgjevar innanfor stadnamn, og i 2014 blei ho igjen forvaltingsansvarleg. Anne slutta i Kartverket ved årsskiftet 2020/2021. Sidan da har ho fungert som namnekonsulent for stadnamntenesta og medlem av fagrådet for stadnamn i Språkrådet.

Kaisa Rautio Helander
Kaisa er professor i samisk namnegransking på Samisk høgskole. Har grunnlagt disiplinen samisk onomastikk i Noreg. Pålitande kjelder melder om at Kaisa er ein populær og inspirerande førelesar. Kursa ho gir har ført til at fleire har fått lyst til å begynne å jobbe med stadnamn, noko som i sin tur har ført til fleire tilsettingar, t.d. i Sametinget. «Kurset til Kaisa» har blitt eit fast omgrep og viser til nettopp stadnamnkurset, men ho tilbyr også undervisning i fleire andre emne.

I kurset til Kaisa lærer ein både om tradisjonelle emne som etymologi og stadnamninnsamling og om nyare vinklingar som det kanskje ikkje har vore like mykje fokus på i norsk namnegransking, slik som utvikling av læremiddel; stadnamn i eit politisk perspektiv og i eit koloniseringsperspektiv; sosioonomastikk (stadnamn i samfunnet) og kontaktonomastikk (stadnamn i kontakt mellom ulike språk).
Kaisa er i tillegg aktiv i NORNA (nordisk samarbeidsorgan for stadnamn) og var arrangør av NORNA-konferansen i Kautokeino 2019.

Kvifor fagdag om stadnamn?
Ein slik fagdag er viktig for at forskarar og andre som er «gamle i gamet», kan få møte tilsette som arbeider med saksbehandling av stadnamnsaker i kvardagen. Å møte andre med same fagbakgrunn er nettverksbygging som kan kome til nytte ved seinare høve. Men det viktigaste føremålet med fagdagen var å formidle namnefagleg kompetanse til deltakarane. Dette er kanskje det aller viktigaste, ettersom fagfeltet norsk namnegransking no er heilt nedlagt ved høgare norske utdanningsinstitusjonar.

For å sikre at den overførte kunnskapen ikkje går tapt, vart det gjort filmopptak av alle føredraga. Tanken no er å gjere opptaka tilgjengelege slik at denne kunnskapen om stadnamn blir bevart også i framtida. Arbeidet med dette vil halde fram, og vi håpar også på å kunne arrangere fagdag om stadnamn igjen, t.d. som eit fast, årleg arrangement.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

VEGEN FRAM MOT EI LOV OM STADNAMN

Då lov om stadnamn vart vedteken 18. mai 1990 (ein kan merka seg datoen – nærare grunnlovsdagen kunne ein ikkje koma), var ein lang og kontroversiell prosess ført til endes, i alle fall i fyrste omgang. Lova vart vedteken så å seia samrøystes, berre dei få representantane frå Framstegspartiet røysta imot.

Sjølv sat eg på galleriet saman med fleire andre frå Stadnamnutvalet og lydde med stive øyrer. Ikkje minst måtte eg gje gaum på høgremannen Hallgrim Berg som framførte eit innlegg som eg på oppmoding hadde skrive for han.

Stadnamn som kulturarv

At lova i det heile kom i hamn, og det med eit overveldande fleirtal, må skuldast at tradisjonsprinsippet og førestellinga om stadnamn som kulturarv fall i god jord hjå politikarane – utan at alle hadde tenkt gjennom kva dei røysta for. Dei seinare lovendringane i retning av meir skriftnære former kan tyda på det.

Men eg har lyst å kreditera to instansar på vegen mot stadnamnlova: For det fyrste ei rekkje grunneigarar frå Akershus og Østfold som på slutten av 1950-talet saksøkte staten for å ha forbrote seg mot skylddelingslova. Dei tapte tingretten, men anka til Høgsterett og fekk medhald der.

Den andre instansen, eller meir presist forvaltaren av instansen, er høgsterettsjustituarius *Terje Wold*, som i sitt særvotum uttalte at det ikkje var urimeleg at staten fastset skrivemåten av gardsnamn så vel som andre stadnamn i offentleg bruk, men at staten måtte skaffa seg lovheimel for det. Dei tidlegare føresegnene som var utferda på departementsnivå, kunne ikkje trumfa skylddelingslova.

Dette vart starten på det eg vil kalla «trettiårskrigen» om stadnamnnormering, med mange innspel og utspel. Vogt-komiteens «Innstilling om språksaken» frå 1966 tok opp stadnamnnormering som eiga sak, og eit mindretal i komiteen gjekk inn for å lovfesta prinsippet om offentleg stadnamnnormering. I Stortingsmelding nr. 15 (om språksaka) 1968–69 vart dette fylgt opp med ei oppmoding til Kulturdepartementet om å setja ned eit utval til å greia ut spørsmålet om skrivemåten av stadnamn og vurdera behovet for ei lov.

Stadnamnutvalet og lovframlegget

Det skulle likevel gå ti år til før KUD, den 12. oktober 1979, nemnde opp Stadnamnutvalet. Med i dette utvalet var historikar Gudmund Sandvik (leiar), filologane Eyvind Fjeld Halvorsen, Botolv Helleland, Oddvar Nes og Jørn Sandnes (desse var oppnemnde av Språkrådet), fylkeskultursjef Aase Straume, avdelingsleiar Peter Vold frå Kartverket, domar Grete Gjørvel Halvorsen. Frå samisk hald deltok Kathrine Johnsen og Ole Henrik Magga.

Fire år etter oppnemninga vart innstillinga frå utvalet lagd fram i serien Noregs offentlege utgreiingar (NOU 1983 : 6) med tittelen *Stadnamn*. Eg kjem attende til overleveringa av innstillinga, men fyrst eit hastig blikk på førehistoria. I boka *Norsk namneverk* frå 1927 har Gustav Indrebø gjeve ei detaljert framstilling av dei ulike aktørane og ikkje minst argumentasjonen på vegen fram mot dei seinare normeringsreglane. Eg tek med nokre «highlights» – for å bruka ein nyare sjargong.

Stadnamna hadde sin naturlege kontekstuelle plass i dei eldste skriftlege kjeldene. Fram til 1350 rådde stort sett gammalnorske former, men etter ein mellomnorsk overgangsperiode på 200 år var dansk etablert som skriftspråk i landet og kom til å kle stadnamna i skiftande bunad fram til ut på1800-talet. På 1700-talet fastna skrivepraksisen noko, og ein ser t.d. at i matrikkelutkastet frå 1723 har skrivemåten i mange høve nærma seg dagens former. I fyrste halvdelen av 1800-talet kom også oppnorskinga av stadnamn på tale. Ved «det nasjonale vendet», som Gustav Indrebø kallar det i *Norsk namneverk* frå 1927, skulle norskspråklege namneformer avløysa dei danske.

Vekslande skrivemåte av same namn

Stadnamna hadde til dels ein meir avvikande ortografi enn språket elles, mellom anna av di skrivarane ofte ikkje var fortrulege med ordstoffet i stadnamn. Same namn kunne førekoma i ulike skrivemåte, jamvel i same kjelde. Ola Stemshaug (1973: 28) har peikt på at vinglinga i skrivemåten av stadnamn enno på 1800-talet hekk saman med at det ikkje fanst noka offisiell norsk norm å retta seg etter.

Alt tidleg på 1800-talet heva det seg røyster om at stumme *h*-ar som i *Dahl* og *Thune* burde sløyfast. Då namna i matrikkelen av 1838 skulle få si form, var det ein militær, kaptein Gerhard Munthe, som fekk i oppdrag å gå gjennom namneverket. Han var før si tid, er det rett å seia, og dei endringane han fekk gjennomført, var eit stort steg mot ein norskare skrivemåte, trass i ein del mistydde former, som *Hvidesøe* for Kviteseid og *Røraas* for *Røros*.

I dei neste tiåra kom det fleire innspel som var med i diskusjonen fram mot ein ny matrikkel. Ivar Aasen og P. A. Munch var mellom dei fagleg sterke røystene i denne perioden. I 1878 vart det nedsett ein kommisjon som fekk i oppdrag å førebu ein revisjon av namneformene i matrikkelen frå 1838. Det lukkelege valet av leiar for dette utvalet eller kommisjonen var Oluf Rygh, og med seg fekk han dei framståande filologane Sophus Bugge og Johan Fritzner. Men tida var enno ikkje komen for å skriva namna fullt ut etter det norske uttalegrunnlaget. Rygh heldt til dømes på *en*-ending i hokjønnsord som *Sandviken* og *e*-ending i staden for fullvokal i former som *Odde* for *Odda*. Til dels kom det meir av danske former, særleg på amtskarta.

1886-matrikkelen eit vendepunkt

Med 1886-matrikkelen vart det lagt eit meir vitskapleg grunnlag for skrivemåten, og matrikkelformene har golde som retningsgjevande i offentleg bruk. *Noregs geografiske oppmåling*, som vart grunnlagt i 1773, primært ut frå militære føremål,

fekk avgjerande innverknad på skrivemåten av stadnamn gjennom utgjevinga av kart. I 1879 vart Oluf Rygh engasjert av NGO som rådgjevar ved namnsetjinga på nye kart. Med sin store kompetanse kunne han tilrå skriftformer som i stor grad svara til ein norskspråkleg ortografi, med atterhald av ein del grammatiske former der dansk enno fekk rå, som *lien*.

Føresegner og rettskrivingsreglar

Etter eit departementalt pålegg innførte NGO i 1913 nye retningsliner for skrivemåten av namn på kart. Det heitte der at stadnamna skulle fylgja «stedets dialekt med landsmaalets retskrivning». Reglane var utarbeidde av Hjalmar Falk og Marius Hægstad. Prinsippet om dialekt i botnen og nynorsk på overflata har seinare vore førande for ei rekkje resolusjonar og forskrifter fram til lov om stadnamn jamstelte dei to skriftmåla.

I 1917 fekk departementsreglane frå 1913 eit formelt sterkare grunnlag i form av ein kongeleg resolusjon. Tolv år etter vart retningslinjene avløyste av nye reglar der nynorsk skulle leggjast til grunn «når dei ikkje strir mot dei reglar som står framanfor». I 1933 kom ein ny kgl. resolusjon med tittelen *Fyresegner um skrivemåten av stadnamn.* No vart ein større del av stadnamna medtekne, også gardsnamn. Her vart dessutan ordninga med namnekonsulentar formalisert. I 1957 kom *Føresegner om skrivemåten av stadnamn* med same innhald, men med tillegg om at alle bustadnamn skulle skrivast etter dei fastsette reglane. Desse føresegnene galdt fram til 1991 då lov om stadnamn vart sett i verk.

Som kjent har stadnamn-normeringa i landet stått overfor to utfordringar, båe framleis høgst aktuelle. Den fyrste og største har vore motsetninga mellom den danske skrifttradisjonen og norsk rettskriving. Den andre og heimleg tufta utfordringa har vore å balansera skriftformene i høve til dialektuttalen. Båe desse har vore og er emne for både faglege og politiske avgjerder.

Innstillinga er bygd opp i 12 kapittel pluss vedlegg:

1. Oppnemning og mandat
2. Samandrag
3. Kva er eit stadnamn
4. Historisk oversyn
5. Andre land
6. Behov for nytt regelverk
7. Lovutkast
8. Framlegg til nye føresegner

9. Ny konsulentordning
10. Norsk stadnamnråd
11. Klagenemnda
12. Administrative, organisatoriske og økonomiske konsekvensar

NOU 1983: 6 *Stadnamn*

I oktober 1982 vart innstillinga frå Stadnamnutvalet overlevert Kulturdepartementet, trykt som nr. 6 i serien Noregs offentlege utgreiingar (NOU) 1983 med tittelen *Stadnamn*. Statsråd Lars Roar Langslet tok sjølv imot innstillinga og takka utvalet for arbeidet. Langslet gjekk etter kvart i gang med å førebu ein proposisjon. Etter det som seiv ut om arbeidet i departementet, var han open for å gje skrifttradisjonelle former av gardsnamna rom i reglane.

Regjeringsskifte og ny kurs i arbeidet med proposisjonen

Våren 1986 var det to hendingar som skulle få mykje å seia for førearbeidet med lova. Det eine var eksplosjonen i Tsjernobyl-reaktoren 26. april med påfylgjande øydeleggjande radioaktive nedfall, noko me har vorte minna om den siste tida.

Det andre var at 9. mai dette året tok Gro Harlem Brundtland over som statsminister etter at Kåre Willoch miste tilslutning frå Framstegspartiet og dermed stortingsfleirtalet. Langslet måtte kasta inn handkledet og arbeidarpolitikaren Hallvard Bakke tok over som kulturminister. Han snudde fort på sidene som Langslet hadde fått i hop og byrja arbeidet med å førebu ei stadnamnlov på nytt.

Proposisjonen som Bakke fekk ansvar for, fylgde i alle fall godt opp om hovudbodskapen til Stadnamnutvalet, nemleg at skrivemåten skulle byggja på lokalt tradert uttale og fylgja vanlege rettskrivingsprinsipp. Hadde ikkje det nemnde politiske «jordskjelvet» skjedd, ville truleg proposisjonen og dermed lova fått ei noko anna form.

At departementet ikkje ville fylgja opp framlegget om eit stadnamnråd, vart ikkje sett på som nokon katastrofe. Dei regionale konsulenttenestene har som me veit, hatt årlege samrådingsmøte for å drøfta ulike normeringsproblem og praktisering av lova i det heile. Og fagrådet for stadnamn som Språkrådet instituerte i 2018, har fungert framifrå som «stadnamnråd». Det er mitt inntrykk frå dei to åra eg var leiar av dette fagrådet at det er eit tenleg forum for å drøfta problem som konsulenttenesta møter i arbeidet sitt rundt om i landet.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

STADNAMNLOVA 1990–2022. KVA HAR SKJEDD?

Stadnamnlova vart vedteken 18. mai 1990, og tok til å gjelda 1. juli 1991. Dette vart sett på som ei storhending både nasjonalt og internasjonalt, og så vidt eg kjenner til, var Noreg då det einaste landet i Europa som hadde ei lov som inneheldt reglar for både *skrivemåten* av stadnamn og *saksbehandlinga* ved fastsetjing av skrivemåten i offentleg bruk.

Det var ei tid prega av *optimisme* på vårt vesle fagområde; det *namnefaglege* miljøet vart styrkt ved at det vart engasjert to namnekonsulentar ved kvart av dei fire dåverande universiteta (Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø), altså åtte til saman, med ansvar for sine klart definerte regionar. Kvar regional konsulentteneste fekk ein sekretær i fast stilling med arbeidsplass på dei respektive universiteta, der dei vart ein del av fagmiljøet. Sekretærane skulle førebu sakene for konsulentane, og det faglege kravet til stillinga var språkleg hovudfag i nordisk og røynsle frå stadnamnarbeid. Vi fekk også ei samisk og finsk konsulentteneste med ein konsulent for kvart av språka nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og finsk[1] og med ein felles sekretær.

I Oslo hadde sekretæren heil stilling. Det vart grunngjeve med at denne stillinga dekte det største området, i tillegg låg også sekretærfunksjonen for klagenemnda her saman med ansvaret for fellesoppgåver, elles var det halve stillingar. Det vart oppretta ei klagenemnd for stadnamnsaker som var samansett slik: Leiar med *høgsterettssdommars* kompetanse og ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag.

I saker som galdt *norske* stadnamn, skulle nemnda i tillegg ha ein namnekunnig medlem for kvar målform, altså fire medlemmer. I saker som galdt samiske eller finske stadnamn, skulle nemnda ha ein medlem for samisk eller finsk, altså tre medlemmer. Ved Kartverket vart det oppretta ei namnefagleg stilling (kalla forvaltningsansvarleg for stadnamn), og Kartverket, som det viktigaste vedtaksorganet, delegerte vedtaksmyndigheita til fylkeskartkontora, der det vart oppnemnt namneansvarlege, som stod i nær kontakt med sine regionle konsulenttenester. Konsulenttenestene var fagleg sjølvstendige, men for å samordna regelforståinga vart det halde årlege samrådingsmøte der også Kartverket, Språkrådet og klagenemnda var med. Det vart oppretta eit sentralt stadnamnregister (SSR), som skulle innehalda godkjende namneformer. Dette vart, naturleg nok, lagt til Kartverket.

---

[1] *finsk* vart endra til *kvensk* i 2005

I stikkordsform kan vi seia at 1990-lova gav reglar for

- skrivemåten av stadnamna (§ 4):
- utgangspunkt den nedervde lokale uttalen
- følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp
- same namnet på same staden/ulike funksjonar éin skrivemåte
- kven som hadde vedtaksrett i ulike namnesaker
- kven som hadde plikt til å bruka dei vedtekne skrivemåtane
- kven som hadde rett til å reisa namnesaker
- korleis saksbehandlinga skulle vera når offisiell skrivemåte skulle fastsetjast
- kven som har klagerett når eit namnevedtak var gjort
- korleis klagebehandlinga skulle vera når eit vedtak var påklaga
- Sentralt stadnamnregister

Lova markerer etter mitt syn eit av dei viktigaste skiljemerka i soga om norsk stadnamnnormering.

Før lova levde stadnamnnormering etter fastsette reglar på mange måtar sitt eige liv. For det fyrste var reglane gjevne som føresegner og skulle gjelde berre skrivemåten på offentlege *kart*, dvs. kart utgjevne av NGO (frå 1986 Kartverket), og skrivemåten på karta vart i praksis fastsett av dei to statlege namnekonsulentane. For det andre var desse karta ofte lite brukte i lokalsamfunna, og mange namneformer kunne derfor vera lite kjende. Både lokalt i kommunen, og i anna offentleg verksemd, t.d. på økonomiske kart, vegskilt og i grunnbøker og skylddelingsdokument, kunne dei bruka andre skrivemåtar. Reglane og praktiseringa av dei, var, for å setja det på spissen, ei sak mellom dei to statlege namnekonsulentane og NGO.

Med lova vart altså saksfeltet lovregulert og galdt all offentleg bruk av stadnamn.

Før skrivemåten vart fastsett av det offentlege organet som etter lova hadde vedtaksrett, skulle alle saker ikkje berre leggjast fram for konsulentane, men det var også presisert kven som hadde uttalerett i dei ulike sakene. Kommunen hadde sjølvsagt uttalerett i alle saker som galdt skrivemåten av alle stadnamn i kommunen. Fylkeskommunen hadde uttalerett i saker som galdt område som femnde om meir enn ein kommune. Eigar eller festar hadde uttalerett i saker som galdt namnet på eigedommen, og lokale organisasjonar i saker som organisasjonen hadde ei særleg tilknyting til. I merknadene til lova var burettslag, vel-foreiningar, historielag og språkorganisasjonar nemnde som døme på slike organisasjonar. Det var kommunen som hadde ansvaret for å varsla om at ei namnesak var teken opp,

og likeins samordna innhenting og utsending av fråsegner og gjeva melding om at det var gjort vedtak.

Dette var altså ei ny lov på eit nytt saksfelt og som involverte mange. Kulturdepartementet hadde tenkt seg ei evaluering etter fem år, men arbeidet vart noko forseinka. I 1997 vart det gjennomført ei spørjeundersøking, der alle kommunar og fylkeskommunar, organ og organisasjonar som hadde vore trekte inn i namnesaker, vart stilt ein del spørsmål med tilknyting til lova. Det vart oppnemnt ei arbeidsgruppe som på grunnlag av resultata frå denne undersøkinga og andre erfaringar og innspel, skulle vurdera korleis regelverket hadde fungert og koma med framlegg om endringar. I gruppa sat den saksansvarlege i Kulturdepartementet, den forvaltningsansvarlege i Kartverket og sekretæren for konsulentane for Austlandet og klagenemnda.

Dessutan var ein representant frå Språkrådet og ein jurist frå departementet med på nokre av møta. Gruppa la fram rapporten sin 9. januar 2001, der dei føreslo fleire endringar og forenklingar, men fyrst i februar 2004 vart eit høyringsnotat med forslag om endring av lova sendt på høyring til aktuelle institusjonar, organisasjonar og fagorgan. Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) *Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.* kom i desember 2004, stortingsbehandlinga i mars 2005, og ei revidert lov tok til å gjelda 1. august 2006. I tillegg til redaksjonelle endringar vart desse realitetsendringane gjorde:

- lova fekk ny formålsparagraf
- fleire definisjonar av viktige omgrep i lova
- reglar om namnevern og namnsetting
- ny regel om gjenopptaking av saker
- endringar i reglane for fastsetjing av skrivemåten
- endringar i reglane for fleirspråklege namn
- endringar i reglane om bruk av stadnamn
- endringar i klagereglane

I 2008 fekk kulturministeren eit spørsmål til såkalla skriftleg svar frå ein av stortingsrepresentantane:

Er statsråden enig i at man ved eventuelle endringer av stedsnavn bare kan gjøre dette gyldig dersom eieren gir sitt samtykke?

Bakgrunnen for spørsmålet var ei rekkje namnesaker i Østre Toten kommune. Kommunen hadde vend seg til Kartverket for å få rydda opp i skrivemåtane av

gardsnamna/bruksnamna i kommunen med forslag om kva for skrivemåtar som burde veljast. Kartverket behandla sakene i samsvar med regelverket og hadde i tillegg eit informasjonsmøte, der også konsulentane og kommunen var med.

Etter at alle involverte hadde fått høve til å uttala seg, gjorde Kartverket vedtak, og i hovudsak var vedtaka i samsvar med framlegga frå kommunen. Da vedtaka vart kjende, kom det sterke reaksjonar frå grunneigarane, og kommunen snudde om og sa at dersom ikkje grunneigarane fekk viljen sin, ville kommunen trekkja sakene.

Spørsmålet førte til at lova vart behandla i familie- og kulturkomiteen, som la fram ei innstilling i januar 2009. I innstillinga føreslår komiteen m.a. at det bør vurderast å endra lova slik at kravet om å følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ikkje skal gjelda for gards- og bruksnamn, og likeeins at kravet om at same namnet skal ha lik skrivemåte i ulike funksjonar blir oppheva. Komiteen såg det også som nødvendig å endra samansetjinga av klagenemnda, og bad departementet utvide «lekmannsrepresentasjonen».

Endringa av klagenemnda kom fyrst og tok til å gjelda november 2009 – nemnda vart utvida med éin lekmannsrepresentant. I juni 2014 sende departementet ut eit høyringsnotat med forslag om endringar i lova. Framlegg til revidert lov vart behandla i april 2015: *Prop. 105 L (2014–2015) Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)* og innebar at i saker «om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskte skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn».

Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd». Framlegget vart vedteke, og den nye lova tok til å gjelda 1. juli 2015.

På tampen av 2017 la departementet fram eit avgrensa endringsframlegg som vart trekt attende. Eit nytt og meir omfattande framlegg til revisjon av lova vart sendt ut på høyring i oktober 2018.

Målet med revisjonen var å stilla kommunane friare i avgjerder om stadnamn, både val av stadnamn og vedtak om skrivemåten, og dessutan å følgja opp arbeidet med vern og bruk av samiske stadnamn. *Prop. 65 L (2018–2019) Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)* vart godkjend i statsråd 5. april 2019 og tok til å gjelde 1. juli same året, og det er den lova vi har i dag. Det er på mange måtar er ei «anna» lov enn den opphavlege 1990-lova. Her er nokre hovudpunkt i endringane:

Formål og verkeområde

Enkelt sagt kan vi seia at 1990-lova gjaldt *skrivemåten* og *bruken* av stadnamn i offentleg samanheng, og lova mangla ein formålsparagraf. Stadnamnutvalet hadde føreslått at lova skulle ha ein særskild formålsparagraf med denne ordlyden:

«Denne lova gjev reglar om skrivemåten av stadnamn. Formålet med å gje reglane er at stadnamna i riket til saman skal utgjera eit einskapleg namneverk og at stadnamna skal takast vare på som kulturminne.»

Departementet var einig i formålet, men fann det ikkje nødvendig å ta det inn i lova. Det synte seg likevel at dette var ein veikskap ved lova, m.a. fordi lova galdt alle nivå i offentleg forvaltning, og fordi ein i normeringsarbeidet ofte måtte, og må, utøve skjønn, og i dette skjønnet er det viktig å kunne relatera skjønnet til intensjonen bak lova. I 2005 kom det derfor inn ein ny *§ 1 Formål og verkeområde* med denne ordlyden:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om kva lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.»

Det er denne formålsparagrafen som gjeld i dag, med ei endring: Andre leddet lyder no: «Lova skal sikre omsynet til *norske*, samiske og kvenske stadnamn [...]» [mi utheving].

Namnevern og namnsetjing/namneval

I merknadene til formålsparagrafen blir det understreka at som immaterielle kulturminne har stadnamna krav på vern. 1990-lova inneheldt heller ingen reglar om *namnevern* og *namnsetjing*, men namnsetjing var behandla i andre lover, som

delingslova, grunnskolelova og kyrkjelova. Desse reglane sa *kven* som hadde myndigheit til å fastsetja namn, men ingenting om kva for namn som burde veljast eller korleis ein burde gå fram ved namnsetjinga. I evalueringsrapporten vart det omtala som ein mangel ved lova at ho ikkje inneheldt reglar om namnevern og namnsetjing i tillegg til reglar om skrivemåten og bruk av stadnamn, og fleire av høyringsfråsegnene til evalueringsrapporten og til høyringsnotatet til departementet i 2004 peikte på at det var merkeleg at ei lov som mellom anna hadde som formål å ta vare på stadnamn som kulturminne, ikkje hadde reglar om dette. Det kom derfor også inn ein ny paragraf (§ 3) *Namnevern og namnsetjing* i 2005, som hadde denne ordlyden:

«Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, når det

a) er i bruk som etternamn og er verna, eller
b) på annan måte er eit særeige namn, eller
c) av andre grunnar bør vernast.

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.»

I 2015 vart paragrafen i hovudsak vidareført. Førsteleddet vart omredigert, medan sisteleddet vart endra til:

«Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.»

Ved revisjonen i 2019 vart innhaldet i paragrafen igjen vidareført, men med denne presiseringa i sisteleddet:

«Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som er på same språk, og som har tradisjon som namn på det same namneobjektet.»

Presiseringa vart gjord for å fjerna eventuell tolkingstvil: Skal eit namn bytast ut med eit anna namn, må to vilkår vera oppfylte; 1) begge namna må ha tradisjon på same namneobjektet, og 2) namnebytet må skje innanfor same språket, ikkje

mellom språk, t.d. ikkje mellom samisk og norsk, eller mellom nordsamisk og lulesamisk.

Frå og med revisjonen i 2015 er paragraftittelen *Namnevern* og ikkje *Namnevern og namnsetjing*. Denne endringa vart grunngjeven med at stadnamnlova ikkje inneheldt reglar om namnsetjing/namneval, og at endringa skulle klargjera innhaldet i paragrafen og tilhøvet mellom stadnamnlova og anna lovverk. Evalueringsrapporten peikte som nemnt på at det var ein mangel ved lova, men i rapporten vart det konkludert med at det ville ha for vidtrekkande konsekvensar å flytte alle reglar om namnsetjing til lov om stadnamn. Etter andre ledd i § 1 (formålsparagrafen frå 2005) galdt lova «når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei», men «fastsetje stadnamn» var ikkje nærmare presisert. I 2005 kom det også inn i § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* om at eigar og festar «kan fastsetje namn på eige bruk». Denne retten galdt likevel berre namn på nyoppretta bruk, eller eit bruk som ikkje hadde eit nedervd namn.

Både i Prop. 105 L (2014–2015) *Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)* og Prop. 65 L (2018–2019) *Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)* vart namneval og lovgrunnlaget for namnsetjing/namneval drøfta. Det blir peikt på at tradisjonelle stadnamn har oppstått ved at folk har brukt ei nemning om ein stad i ei viss tid, slik at denne har festna seg som namn på staden. Dei tradisjonelle nedervde stadnamna våre har dermed oppstått spontant, og ikkje som eit resultat av administrative eller politiske vedtak. Stadnamnlova søkjer å vidareføra lokal namnetradisjon når nye namneobjekt skal ha namn, fordi namna har språkhistorisk og kulturhistorisk verdi for lokalsamfunnet og også for nasjonen.

Proposisjonane viser til at det likevel blir «valt» namn. Adresseringsarbeidet er t.d. heimla i matrikkelforskrifta som kommunens ansvar, og her blir det valt namn, men tilsvarande heimel finst ikkje for andre stadnamn som kommunen har ansvar for. Kommunane har såkalla negativt avgrensa kompetanse, som betyr at dei kan gjera som dei vil så lenge det ikkje er ulovleg eller lagd til andre organ. Alle tiltak som kommunen har ansvaret for, og som treng eit namn, har kommunen derfor rett til å velja namn på, men fordi det i stadnamnlova er få direkte tilvisingar til lovgjeving om namneval, sjølv om skrivemåten, etter at det aktuelle namnevalet er gjort, skal følgja reglane i stadnamnlova, har det difor vore stilt spørsmål om på kva lovgrunnlag kommunane vel namn innanfor kommunegrensene, når dette namnevalet skjer utanom adresseringsarbeidet. I 2019 kom det difor inn ein ny § 7 *Avgjerder* i lova. Dei tre fyrste ledda lyder slik:

«Kommunen vel namn på og vedtek skrivemåten [av namn] på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg o.l., og vedtek skrivemåten av offisielle adresser.
Fylkeskommunen vel namn på og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.
Statlege organ vel namn på statlege anlegg. Eit reinbeitedistrikt vel namn på distriktet. Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på reinbeitedistrikt, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.»

Saksbehandling
1991-lova la opp til ei omstendeleg saksbehandling. Skjematisk var behandlinga slik:

namnesak vart reist

vedtaksorgan (kommune, fylkeskommune, Kartverket, anna statsorgan)
↓
namnekonsulentane (førebels tilråding)
↓
vedkomande kommune (direkte varsel med tilråding til dei som har uttalerett)
↓
namnekonsulentane (endeleg tilråding)
↓
vedtaksorgan (kommune, fylkeskommune, Kartverket, anna statsorgan)
↓
vedkomande kommune (kunngjering, SSR, namnekonsulentane, ev. andre offentlege organ)

Dersom eit namn var brukt i fleire funksjonar (naturnamn, bruksnamn, tettstadnamn, soknenamn, namn på postkontor, namn på haldeplass), var hovudregelen at namnet skulle ha same skrivemåten i alle funksjonane, men det var ulike vedtaksorgan. Da måtte saksgangen samordnast, og det var konsulenttenesta som hadde ansvaret for det.

Vart det klaga på vedtaket – og det vart det relativt ofte – var saksbehandlinga som ved fyrstegongsbehandlinga. Dersom klagar ikkje fekk medhald, gjekk saka til

klagenemnda. Da hadde saka vore gjennom *ti* ekspedisjonar + utsendingar og kunngjeringar lokalt (t.d. *Angvik* eller *Angvika*).

Denne omstendelege saksgangen gjorde at mange uttrykte ønske om forenkling, og nokre av endringane som er gjorde, er:

1. Frå og med 2005 er Kartverket vedtaksorgan i all statleg samanheng, medrekna nedarva gardsnamn og bruksnamn, men med unntak av skriftformer som skal fastsettast av Kongen, Stortinget eller eit departement. Kartverket er også formelt vedtaksorgan i saker som gjeld nedervde bruksnamn, sjølv om eigaren har råderett på visse dokumentasjonsvilkår.
2. Alle namnesaker må framleis sendast ut på høyring, slik at alle med uttalerett får høve til å uttala seg, men prosessen er forenkla. I 2005 kom det inn i forskrifta at det ikkje var nødvendig med førebels tilråding frå namnekonsulentane. Formuleringa var: «Organet [som fastset skrivemåten] skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels tilråding frå namnekonsulentane.» No er formuleringa: «Ved behov kan det innhentast …». Eit par presiseringar må likevel nemnast her: I område med samiske eller kvenske stadnamn skal saker som gjeld norske namn, òg sendast til stadnamntenesta for samiske stadnamn og stadnamntenesta for kvenske stadnamn. Dei skal finne ut om namneobjektet òg har eit samisk eller kvensk namn og gje ei førebels tilråding om skrivemåten. Og som nemnt fekk grunneigaren råderetten over skrivemåten av eit nedervd bruksnamn på visse dokumentasjonsvilkår i 2015, og slike vedtak kan gjerast utan høyring. Men det står i § 9 i lova at grunneigaren kan be om å få ei tilråding frå stadnamntenesta ut i frå «tanken om at grunneigaren gjerne vil ha innsikt i faglege vurderingar av skrivemåten av stadnamnet (bruksnamnet) og opplysningar om kulturminneverdien til det», som det heiter i proposisjonen.
3. I 2005 vart det også slutt på at alle med uttalerett i ei namnesak skulle tilskrivast direkte; unntaket fram til 2015 var eigar eller festar i saker som galdt bruksnamn, eller gardsnamn som utgjorde heile eller delar av bruksnamnet, og som ville vera retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet.
4. Før 2005 hadde mange av sakene teke uforholdsmessig lang tid, men no vart det presisert at det skulle setjast av to månader til høyring og to månader til behandling hos namnekonsulentane. Gjeldande forskrift seier at vedtaksorganet skal «førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald». Dei som har rett til å uttala seg, skal ha minst to månader til dette frå dei får saka.
5. Frå 2005 er det også opna for såkalla samlevedtak for korleis eit namneledd i eit

naturnamn eller eit umatrikulert seternamn skal skrivast innanfor eit administrativt område, t.d. vatn/vann, tjørn/tjern, slik at det ikkje skal vera nødvendig å reisa namnesak i alle tilfelle der eit slikt namneledd utgjer heile eller delar av namnet.

6. I 2005 kom det også inn i lova at det måtte reisast namnesak samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk. Dette var kanskje ikkje ei forenkling, men ei viktig presisering.

Reglar om skrivemåten

Stadnamnlova er i utgangspunktet ei lov som regulerer *skrivemåten* av stadnamn i offentleg bruk, det som vi på fagspråket kallar å *normera*. Normeringa kan byggja på ulike prinsipp: Ho kan vera *tradisjonell* (halda seg til hevdvunne skrivemåtar), ho kan følgja *vanleg rettskriving*, ho kan vera *etymologisk* (ordhistorisk), og ho kan vera *dialektnær*. I forarbeida til lova blir det peikt på at normeringsprinsippa særleg må leggja vekt på

- den praktiske hovudfunksjonen til stadnamna, som er å identifisera bestemte stader på ein eintydig og opplysande måte
- verdien som kulturminne
- den nedervde lokale uttalen
- gjeldande rettskriving

Norsk normeringshistorie kan vi seia har vore ein balansegang mellom desse prinsippa, men med litt ulik vektlegging i ulike periodar.

Hovudregelen vart formulert i § 4 første ledd første punktum (setning): «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.» Neste punkt/setning var formulert slik: «Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.» I gjeldande lov er ordlyden i § 4 første ledd slik: «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.»

Dette er jo på eit vis vage formuleringar, og det er nødvendig med reglar som er meir konkrete. Dei fyrste spesifikke språkreglane kom i forskrifta fastsett 5. juli 1991 og var svært enkle: Ein skulle følgja dialektuttalen når det galdt

a) grammatisk kjønn, bestemt/ubestemt form, eintal/fleirtal
b) samansetjingsmåte
c) monoftongering
d) b, d, g for p, t, k
e) gv- for kv-/hv

Ei arbeidsgruppe skulle koma med framlegg om meir utførlege reglar, og ei ny forskrift tok til å gjelda 14. oktober 1993. Denne var meir detaljert, og inneheldt reglar for

a) kjønn og tal
b) samansetjingsmåte
c) dativ
d) lydverk
i) monoftongering
ii) jamvektsformer
iii) b, d, g for p, t, k
iv) gv- for kv-/hv-
v) tjukk l
vi) nn for rn
vii) lid for li
e) bøyingsverk
i) eintal
ii) fleirtal

I samband med lovrevisjonen i 2005 måtte det også utarbeidast ny forskrift som var tilpassa den nye lova. Forskrifta vart forenkla, og dei særlege reglane for norske stadnamn vart tekne ut og overført til ein rettleiar. Dei inneheldt ikkje store endringar, men det kan nemnast at det vart opna for å bruka -*e* som ending i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord (bygde, grende) i midlandsmåla (Vest-Telemark, Numedal, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen). Ein detalj, kanskje, men denne endringa vart brukt som argument for at det også måtte opnast for andre målføreformer. Det har skjedd i større og større grad, sjølv om det i dei utfyllande reglane som no gjeld, ofte er teke eit atterhald med formuleringa «når særlege grunnar talar for det». I høyringsnotatet som var sendt ut før den siste forskriftsendringa, var det føreslått tre forhold som skulle vurderast dersom ein vurderte å velja ei lokal dialektform, men i den endelege forskrifta kom ikkje dette med.

Å tillata å bruk av fleire lokale dialektformer er i tråd med målet med lovrevisjonen i 2019: At kommunane skal stillast friare i avgjerder om stadnamn og få

større reell innverknad på fastsetting av skrivemåten. Det same gjeld andre ledd i nemnde § 4 *Fastsetjing av skrivemåten*, som no har fått denne ordlyden:

«Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.»

Denne regelen stod tidlegare i forskrifta, men vart flytt til lova trass i innvendingar frå mange «tunge» høyringsinstansar, som meinte at omsynet til kjende og innarbeidde skrivemåtar var godt teke vare på ved å ha regelen i forskrifta. Departementet seier rett nok at regelen framleis skal vera ein unntaksregel, men at han har vore praktisert for strengt. I § 1 i forskrifta er det lista opp fem forhold som skal vurderast dersom ein vurderer å velja ei skriftform som har vore lenge i bruk:

a) om skrivemåten kan medverka til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram
b) om skrivemåten kan endra den nedervde lokale uttalen av namnet
c) kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet
d) kor stor semje det er om skrivemåten lokalt
e) om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld

Klage

Eg har allereie nemnt at det kom inn relativt mange klager dei fyrste åra. Frå 1992 og fram til 2007 behandla klagenemnda over 1000 namn, og av dei galdt om lag 450 bruksnamn/gardsnamn og om lag 400 naturnamn. Dei resterande galdt i hovudsak adressenamn. Fram til 2005 kunne ein klage berre på skrivemåten, og klagen måtte heller ikkje grunngjevast. Det var eit visst mønster i klagene: Når det dreia seg om *naturnamn*, var ønsket oftast ei dialektnær form i staden for ei rettskrivingsform, medan i saker som dreia seg om bruksnamn/gardsnamn, var ønsket ofte den tilsvarande forma av familienamnet. Eit anna forhold som bør nemnast, er bruken av bestemt eller ubestemt form, altså *Angvik* eller *Angvika*. I om lag ein firedel av klagene var dette forholdet med, og utan unntak var ønsket ubestemt form, sjølv om talemålsforma var bestemt form.

No må ein klage både vera skriftleg og grunngjevast og behandla alle namn eller namneledd klagen gjeld. Klageretten er utvida til også å gjelda feilbruk, manglande bruk og manglande vedtak. Klage på eigarfest skrivemåte av bruksnamn kan berre gjelda dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Kartverket, eller feil ved saksbehandlinga.

Når det gjeld samansetjinga av klagenemnda, er kravet no at leiaren skal vera jurist og at dei to «lekmannsrepresentantane» blir peikt ut av KS.

Stadnamntenesta

Eg starta med å seia at innføringa av lov om stadnamn betydde ei styrking og utviding av det namnefaglege miljøet. Som vi veit, har namnefaget ved universitet og høgskular vorte kraftig nedbygd, og det er heller ikkje lenger ei regional namnekonsulentteneste med åtte konsulentar og fire sekretærar.

Da stadnamnlova vart sett i verk i 1991, var konsulenttenesta fysisk plassert på dei fire universiteta. Personaladministrasjonen låg hos Språkrådet (Norsk språkråd), medan dei andre oppgåvene i samband med konsulenttenesta var plassert Kulturdepartementet, men frå og med 1994 vart dei fleste oppgåvene med nokre få unntak, t.d. tolkingsspørsmål og samarbeidet med Kartverket, overførte til Språkrådet.

Stadnamnutvalet føreslo at det skulle opprettast eit Norsk stadnamnråd med visse faglege og prinsipielle oppgåver overfor konsulenttenesta, t.d. at dei førte eins praksis. Departementet såg ikkje sterke nok grunnar til å opprette eit slikt råd, og meinte Språkrådet burde få desse oppgåvene, og at samordninga kunne skje ved fellesmøte (sjå innleiinga).

Eg har heile tida vore sterkt for eit nærare hopehav mellom konsulenttenesta og Språkrådet, og i nesten tre år var eg også samlokalisert med Språkrådet på Hambros plass. Eg er derfor svært fornøgd med at dette hopehavet no er formalisert og at stadnamntenesta no er ein del av Språkrådet, som er statens rådgjevande organ i språkspørsmål, og med eit eige fagråd.

Når det gjeld oppgåvene til stadnamntenesta, var dei frå 1991 formulerte slik i § 6–1 i forskrifta:

«Konsulenttenesta skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skriftformer. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.»

I forskrifta som tok til å gjelde i 2017, vart denne paragrafen teken ut. Men ved lovendringa i 2019 (proposisjonen heitte elles *Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)* vart det teken inn i § 13 i lova at stadnamntenesta «skal gi rettleiing og tilråding om skrivemåten av stadnamn, namneskikk og namnsetjing. Tenesta kan også uttale seg om bruk av stadnamn». Dette var altså

ikkje nytt, men har gjeve stadnamntenesta tydelegare heimel til å gje råd om avgjerder som heng saman.

Avslutning

Eg har prøvd å visa at stadnamnlova i dag er ei lov som er ganske ulik lova som vart vedteken i 1990, og eg har peikt på nokre av dei endringane eg meiner er dei viktigaste.

Dersom eg skal oppsummere svært kort det eg ser på som hovudtendensen i utviklinga, må det vera at tanken om «eit einskapleg namneverk for riket», som etter Stadnamnutvalet skulle vera formålet med lova, og som innanfor det namnefaglege miljøet har vore sett på som eit overordna mål, no står veikare. Men det er ikkje dermed sagt at namneverket blir dårlegare.

Kjelder

https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/

NOU 1983:6 Stadnamn = *Noregs offentlege utgreiingar*. *Stadnamn*. Frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979. Lagt fram for Kultur- og vitskapsdepartementet i mars 1983.

Ot.prp. nr. 66 (1988–89) *Lov om stadnamn*. Kultur og vitskapsdepartementet.

Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) *Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.*

Prop. 105 L (2014–2015) Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)

Prp. 65 L (2018–2019) *Endringar i stadnamnlova* (*organisering av stadnamntenesta m.m.*)

Rapport om evaluering av lov om stadnamn. Avgitt til Kulturdepartementet januar 2001.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

STEDSNAVNARBEIDET I KARTVERKET

Litt om meg selv

- Jeg jobbet i Kartverket fra 1. juli 1991, den datoen lov om stadnamn trådte i kraft, til jeg gikk av med pensjon 1. januar 2021. Nå har jeg oppdrag som stedsnavnkonsulent i Språkrådet (Østlandet).
- I forbindelse med ikrafttreden av lov om stadnamn ble det bestemt at Kartverket skulle utlyse en nyopprettet stilling som forvaltningsansvarlig for stedsnavn. Årsaken var at Kartverket nå fikk et lovpålagt ansvar for fastsetting av skrivemåten av stedsnavn.
- Jeg var så heldig å få denne stillingen. Jeg kom da direkte fra sekretærjobb for navnekonsulentene på Avdeling for navnegransking, Universitetet i Oslo.

Hva gjør Kartverket med stedsnavn?

Myndighetsoppgave

- Fastsetter skrivemåten av stedsnavn.
  Fra stedsnavnloven § 7: *Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på reinbeitedistrikt, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.*
- Drifter, forvalter og ajourfører Sentralt stedsnavnregister (SSR) (loven § 14, forskriften § 14).
- Formidler informasjon fra SSR. Lov og forskrift sier at Kartverket skal sørge for at opplysningene i SSR er allment tilgjengelige.

Dessuten

- Innhenter informasjon om faktisk stedsnavnbruk, men bestemmer ikke hva steder heter.
- Bruker stedsnavn på kart og nettjenester (loven § 11). F.eks. henter yr.no i hovedsak sine norske stedsnavn fra SSR.
- Veileder om stedsnavn og stedsnavnbruk, men dette er i hovedsak stedsnavntjenestens/Språkrådets oppgave (loven §§ 9 og 13).

Stoda de siste åra før lov om stadnamn trådte i kraft i 1991

Regelverk: Føresegner om skrivemåten av stadnamn (1957):

- *Stadnamna skal skrivast i samhøve med den norske uttalen på staden så langt råd er.*
- Det var ikke meningen å gjengi alle dialektavvik. Skrivemåtene skulle til en viss grad utjevnes etter hovedtyper.
- Allment kjente ord og navneledd skulle om mulig få én riksform: F.eks. *vatn* (ikke *vann*), *bjørn, tjern* og *tjørn* (ikke *bjønn*, *tjenn* og *tjønn*), *hamn* (ikke *havn*), *høg* (ikke *høy*), *høgd* (ikke *høyde*), *skjer* (ikke *skjær*), *hamar (hammar)*, ikke *hammer*.
- Preferanse for nynorsk: *Elles fylgjer ein i skrivemåten nynorsk rettskriving*.
- Uttalt ønske om et ensartet navneverk.
- *Noregs geografiske oppmåling fastset for kvart einskilt høve skrivemåten av namn på offisielle landkart, i samarbeid med dei tilsette målkunnige rådgjevarane (namnekonsulentane). Noregs sjøkartverk fastset namna på same måten for sjøkart.»*

I praksis var det disse statlige navnekonsulentene som bestemte skrivemåten for navna på hovedkartserien Norge 1:50 000 (landkart) og til en viss grad for navna på sjøkart.

Statens kartverk ble etablert i 1986 ved sammenslåing av Norges geografiske oppmåling, Norges sjøkartverk og de 18 fylkeskartkontorene.

Kåre Hoel fra Gjøvik hadde fått tildelt Østfold. Høsten 1950 begynte han å sykle rundt og banke på dørene. I seks år holdt han på. Så satte han seg til på kontoret i Oslo og begynte å skrive. Da han døde 40 år senere, etterlot han seg et håndskrevet manus på 7789 tettskrevne A5-sider.

Hoel ga noen føringer til et videre arbeid med hans manus – det måtte underkastes en kritisk gjennomgang – bl.a. med suppleringer fra nyere forskning – og nye kilder. Etter at Hoel avslutta arbeidet sitt, har ikke minst folketellingene fra 1891 og 1900 blitt tilgjengelige. Mens Hoel levde, var det bare folketellinga fra 1875 som forelå.

Avdeling for navnegransking bestemte at Hoels arbeid måtte fullføres. Hoels livsverk måtte ikke ende i en skuff. Sammen med kollega Margit Harsson startet du arbeidet – og resultatet ser dere altså her:

Bind 1 Hobøl 1994
Hobøl var den siste kommunen Hoel arbeidet med og ble derfor tatt først, med Tom Schmidt som redaktør.
Bind 2–12 1997–2014
Schmidt og Harsson redigerte annet hvert bind.
Bind 13–20 2014–2021
alle ved Tom Schmidt – ett nytt bind hvert år fram til 2021!

Her må det føyes til at du fylte 70 år i 2018 – og for lengst kunne gått av med pensjon. Du gjorde ikke det, bokverket skulle fullføres. Det takker vi deg for!

Å få dette bokverket gitt ut har ikke vært uten utfordringer. I et intervju i tidsskriftet *Wiwar* forteller du om et svare strev med å få penger til i det hele tatt å få bøkene utgitt. I et annet intervju har vi lest at du av egen lomme en gang måtte bidra med over 20.000 kroner.

Ellers har de fleste kommuner stilt opp, også fylkeskommunen – men mest avgjørende har støtten fra Novus forlag vært, og ditt eget institutt – Institutt for lingvistiske og nordiske studier.

Det har ellers vært en utfordring å gi verket en enhetlig språkdrakt. Hoel skrev noe gammeldags og hans kommentarer er derfor forsiktig redigert, men uten at innholdet er endret.

Hoel hadde dessuten gjengitt Ryghs forklaringer med sine egne ord. Dette er endret slik at Ryghs forklaringer er gjengitt slik Rygh selv skrev. Dine egne kommentarer og forklaringer, som kan være vel så omfattende som Hoel sine, er markert med en loddrett strek før og etter.

Du sier at *Bustadnavn i Østfold* først og fremst har vært et dokumentasjonsprosjekt. Det er tatt med alle de skriftformene et navn har hatt – fra gamle middelalderdokumenter til hvordan prestene har skrevet navna i kirkebøkene.

Dernest har det vært viktig å få skrevet hvordan navna lokalt ble uttalt. Her er i stor grad Ryghs notater lagt til grunn – ev. supplert med hva Hoel har skrevet. Uttalen er gjengitt med vanlige lydskriftstandarder. Dette er utførlig beskrevet i innledningskapitlet i bøkene. Innledningskapitler skal alltid leses! De inneholder et vell av nyttige opplysninger.

Bøkene inneholder også en Del II med fyldige ordforklaringer, flere navneregister, litteraturliste og selvsagt kilder.

Det er mange tilfeldigheter i ens liv. Du er faktisk født i Østfold, i Sarpsborg! Riktignok var du bare 2 år da familien din flytta til Flåm, men likevel! I Flåm hadde du så dine barneår til du ti år gammel flytta videre til Valdres der du hadde din ungdomstid.

Etter endt militærtjeneste begynte du norskstudiet på Blindern. Så har du fortalt at på lesesalen kunne det være trangt om plassen og kø – en dag ble du slik stående foran bokhylla der bøkene til Oluf Rygh stod plassert. Du begynte å bla i et par av dem, ble nysgjerrig, interessert og endte opp med å skrive ei hovedfagsoppgave om navn i Nordfjord!

Ferdig utdannet var du lærer i videregående skole noen år, men så dukket det opp et vikariat på Institutt for navnegransking. Der trivdes du bedre enn i klasserommet. Du søkte om fast tilsetting, fikk det – og ble værende i 38 år!

Du har ikke bare holdt på med bustadnavn i Østfold. I 2000 var du ferdig med doktorgradavhandlinga di, om gårdsnavn på *-by* og *-bø* med personnavn som forledd. For dette arbeidet fikk du året etter Jøran Sahlgrens pris av *Kungliga Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur* for ditt «viktiga bidrag till norsk ortnamnsforskning».

Du har skrevet to bøker om bustadnavn i Valdres, ei bok for Øystre Slidre og ei Vestre Slidre, du har vært sekretær for statens navnekonsulenter, og var i mange år medlem av Klagenemnda for stedsnavnssaker. Dette for å nevne noe.

Det er nok likevel den bindsterke serien om alle bostedsnavna i Østfold som vil bli stående. Det er noen som har telt opp at det er behandlet hele 19 315 navn i bokverket – fordelt på 8047 boksider – og altså utgitt i 20 bind.

Vi i Wilsekomiteen mener du til fulle har svart opp formuleringene i statuttenes § 3 – *Wilsemedaljen utdeles til personer i eller utenfor Østfold fylke som, på en uegennyttig og idealistisk måte, har arbeidet for vernet av den lokale kulturarv og fremmet interessen for denne, har drevet forskning innen Østfolds kulturhistorie, eller ytet det lokale kulturhistoriske arbeid særlig avgjørende støtte.*

Så gratulerer, Tom Scmidt! Din kollega og venn gjennom så mange år, Botolv Helleland, vil stå for selve medaljeoverrekkinga.

Odd Jan Skriubakken
odd.skriubakken@gmail.com

NAMNEFAGLEGE JUBILANTAR

GULBRAND ALHAUG – EIN GLAD NAMNEGRANSKAR

I veneskriftet som Gulbrand Alhaug fekk til 60-årsdagen 2. juli 2002, skreiv eg eit stykke med overskrifta «Ein glad namnegranskar». Når eg no, tjue år seinare, nyttar same overskrifta, er det fordi Gulbrand framleis står fram, nettopp som ein glad kar. Den storstilte feiringa hans på 80-årsdagen på Sommarøy utanfor Tromsø fekk då òg den ramma som den gladlyndte hedmarkingen og namnegranskaren fortente. Midnattssola heldt den store festlyden oppe langt utover natta, og midt i krinsen sprudla denne åttiåringen som alderen ikkje tyktest bita stort på.

Sjølv har eg hatt gleda av å telja mellom Gulbrands vener sidan me på 1980-talet treftest på ulike faglege tilskipingar.

Han har vore med på dei fleste norske, nordiske og internasjonale namnekonferansane, oftast med foredrag, og alltid i samtale med fagfellar når det var høve til det. Med sitt vinnande vesen har Gulbrand bygd opp eit stort internasjonalt sosialt og fagleg nettverk. Særleg har han halde oppe nær kontakt med fagfolk frå Finland, Sverige og Kroatia.

Gulbrand Alhaug
Foto: Hilde Johannesen

Gulbrand har òg delteke aktivt i ulike samarbeidstiltak i det norske og nordiske fagmiljøet, som Samarbeidsnemnda for namnegransking, Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking. Han har vore medredaktør i *Nytt om namn* frå nr. 23 til nr. 43 (1996–2006).

Venskapen med Gulbrand har eg måtta dela med mange, mellom andre Ivar Magnus Ravnum, som i det nemnde veneskriftet har «en god venn» som del av overskrifta. Eg skulle gjerne ha vore med på nokre av reisene til Gulbrand som Ravnum fortel om. Gulbrand har kryssa Europa frå mange kantar, særleg den austlege delen. Det kom då til god nytte at han hadde teke Hans Majestets Kongens gardes russiskkurs. Eg ser at eg har gått glipp av mykje ved Gulbrand før me vart kjende og vener.

Botolv Helleland

E.s. Ein omtale av Gulbrand som namnegranskar kjem i det komade nummer av *Nytt om namn*.

NAMNEGRANSKAREN OLE-JØRGEN JOHANNESSEN 80 ÅR

Ein nestor i norsk namnegransking runda 80 år 13. juli 2022. Med rak rygg, skarpt blikk og framifrå orienteringsevne passerte Ole Jørgen Johannessen 80-årsmerket i livsløypa med sikker stil. Få i hans årsklasse ville hatt betre passeringstid. Ole-Jørgen har smurt godt og glir jamt og trutt framover. Ikkje berre har han god løypeteknikk, han har òg ei framifrå evne til i dei fleste tilfella å velja rett spor og koma i mål med laurbærkrans. Dessutan skal ein leita lenge etter ein meir staseleg 80 år gamal akademikar.

Ole-Jørgen Johannesen.
Foto: Hilde Kristin Strand

Ole-Jørgen høyrer til ein forskargenerasjon og ein forskartradisjon som representerer og praktiserer idealet om akademisk breidde. Brei akademisk innsikt og kunnskap har vore ein leietråd i det aller meste av forskinga, undervisninga og formidlinga hans. Det tyder ikkje at han manglar interesse for detaljar, for det gjer han i stor mon, noko som særleg kjem til uttrykk i dei mange skriftlege kjelde- og tekstanalysane hans. Likevel misser han ikkje perspektivet og druknar i grafar, tabellar, desimalar og signifikansanalysar. Ole-Jørgen hevar hovudet og speidar ut over eit vitskapleg kjelde- og kunnskapslandskap på jakt etter samanhengar, linjer og kontrastar. Det komparative skarpsynet, dei tverrfaglege innfallsvinklane og

vurderinga av overordna kulturkontekstuelle rammevilkår, har gjeve granskinga og undervisninga hans ein ekstra kvalitet som resulterer i innsikt og kunnskap som elles ville ha kvorve.

Ole-Jørgen er såleis ein namnegranskar som ikkje let seg plassera i ein snever fagkategori. Han er ein namnegranskar med perspektiv. Dette har samanheng med personleg forskarhug og interesse for å sjå særfaglege disiplinar i eit kunnskapslandskap langt utover smærre akademiske inngjerdingar. Forresten er dette ei evne og eit ideal som også pregar det meste av gjerningane hans utanfor akademia – i politikken og i organisasjonsverda. Få akademiske kollegaer har i den grad som han, sett spor i universitetspolitikken, partipolitikken og i organisasjonsverda. Ole-Jørgen er eit politisk menneske – fagpolitisk, universitetspolitisk, partipolitisk og samfunnspolitisk, noko som har sett sitt preg på han som namnegranskar.

Ole-Jørgen har markert seg både innom stadnamngranskinga og personnamngranskinga. Som namnegranskar debuterte han skriftleg med artikkelen *Personnamnbruk i Bergen, Christiania, Hobøl og Os prestegjeld i 1801. En studie i regional og sosial navnevariasjon* (1985). Denne artikkelen skulle på mange måtar både signalisera og leggja grunnlaget for mykje av den seinare namnefaglege granskinga hans.

For det fyrste trekkjer Ole-Jørgen her inn personnamngransking som ein viktig fagdisiplin i det namnefaglege miljøet ved Universitet i Bergen, som historisk sett har vore sterkt dominert av stadnamngransking og etymologi.

For det andre er dette ein kontrastiv studie, som fleire av dei komande arbeida hans, med vekt på både den regionale og sosiale variasjonen, ved at førenamn til både kvinner og menn er med i granskinga.

For det tredje ber artikkelen også bod om den komande sosioonomastiske disiplinen som i dag har fått eit solid fotfeste i namnegranskinga.

Og for det fjerde introduserer Ole-Jørgen her det historiske perspektivet i granskinga som seinare skulle gå att i mange av personnamnstudiane hans.

At den fyrste fullstendige norske folketeljinga av 1801 skulle vera kjeldegrunnlaget, er ikkje uventa. I 1975 hadde han saman med Erik Simensen gjeve ut *Norsk språk 1250–1350. Primærkilder og sekundærlitteratur*, og to år etter kom *Magnus Olsen. En bibliografi*. I 1977 kom òg *Litt om kildene til Jóns saga baptista II*, og i 1979 kom *AM 202b, 4*I, 'Munkalífs bókar viðauki'. En kildekritisk studie.* I 1984 kom *Bispejordeboka fra Bergen, c. 1585. Navn og språkform*. Historiske kjeldestudiar var såleis godt innarbeidde i 1985. Slike kjeldehistoriske studiar heldt han forresten fram med i stor mon seinare, som til dømes i dei mange arbeida hans med *Bjǫrgynjar Kálfskinn*, i *Jordebøker fra Bergen domkapittel* (1996), i *Jordebok for*

Bergen bispedømme ca. 1600 med Jordebok for Hospitalet i Bergen ca. 1617–21 (med grundig namneregister) (2000) og i *Oluf Ryghs bruk av etterreformatoriske kilder i Norske Gaardnavne, særlig bind XI (Søndre Bergenshus amt) og bind XII (Nordre Bergenhus Amt)* (2000).

At komparasjon og den sosioonomastiske profilen er til stades, kan nok ha samanheng med at Ole-Jørgen på 1970-talet var ein av initiativtakarane til fagfeltet sosiolingvistikk som akademisk emne ved Universitetet i Bergen. Han underviste i disiplinen sosiolingvistikk på hovudfag, han rettleidde studentar i emnet, og han gjennomførde sosiolingvistiske og dialektologiske feltstudiar i dei dåverande fylka Hordaland og Sogn og Fjordane for å dokumentera sosiolingvistisk variasjon.

Fleire av arbeida til Ole-Jørgen er ei kopling av stadnamn og personnamn, og arbeida har oftast eit historisk perspektiv. Slike tilnærmingar og perspektiv finst m.a. i *Personnavn i sognenavn.* I. *Om helgennavn i norske sognenavn på landsbygda i middelalderen* (1989), *Mongstad og Jonstad – gamle gårder med unge navn eller unge gårder med unge navn?* (2006) og *Flere navn på en gård. Navneskifte i Sunnfjord futedøme 1590–1647* (2016).

«Reine» stadnamnstudiar finst det færre av, men dei er solid representerte med *Bygdenavn i Nordhordland* (1990), *Torp og -torp i norske gårdsnavn vest for Oslofjorden* (2003) og *Tre navn i fjellet* (2007), som båe har eit etymologisk perspektiv. Dessutan har Ole-Jørgen vore innom gatenamnstudiet i *Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei: krigshelter og motstandsmenn som navnemotivasjon for norske vei- og gatenavn* (2008).

Kvantitativt dominerer personnamnstudiane. Dei representerer ei brei vifte av emne, som *Om kvinnenamn i Norge 1940–1982* (1987), *Patronymika i de norske runeinnskrifter* (1993), *Tilnavn og patronymika. Patronymika – proprium eller appellativ?* (1999), *Kristne personnavn i norsk middelalder. Kristendommens indflydelse på nordisk navngiving* (2000), *«Var hann kendir vid módur sina» Metronymika, metronymikonbruk og metronymikonbærere i norrøn middelalder* (2001), *Olav og Anna – Innlånte navn og nordiske navn på 1500- og 1600-talet* (2011) og *Baste, Fabian og Chrispinus* (2013).

Eit anna og etter kvart dominerande studiefelt tok Ole-Jørgen til med i 1998 då han publiserte artikkelen *Systembundet navngiving i bergenske skipsnavn 1945–1998*. Frå no skulle det koma fleire studiar om skipsnamn – og namn på borefartøy og oljeinstallasjonar – som *The topology of ship names* (2005) og *Havdrill og West Venture. Navn og navnestudier på norske borefartøyer og andre oljeinstallasjoner* (2013). Saman med den finske namneforskaren Anita Schybergson har Ole-Jørgen Johannessen halde innlegg og publisert fleire arbeid om skipsnamn, mellom anna

Nordiska fartygsnamn från 1800-talets första decennier i ett komparativt perspektiv (2017).

Elles har Ole-Jørgen vore oppteken av metodiske og praktiske tilhøve knytte til onomastikken, som t.d. i artiklane *Bunden og/eller ubunden form som normert skriftform i offisielle stadnamn* (1996), *Noen synspunkter og problemstillinger i skipsnavnforskningen* (2000), *Nordisk navnerenessanse før 1865*? (2005), *Stedsnavnene tilbake til folket. På veg mot det snakkende navnekart utlagt på internett* (2009) og *Digitale stedsnavnbaser i Bergen* (2009).

I denne samanhengen har han halde ei mengd foredrag om namneinnsamling, etymologien sin plass i onomastikken, moderne kartteknologi, namnearkiva sin plass i plass ved universitet og høgskular og nye vegar i arkivering av stadnamn. Ole-Jørgen har vore ein aktiv deltakar med og utan innlegg på ei mengd namnekonferansar og namnesymposium.

Frå 1989 hadde Ole-Jørgen ansvar for Stadnamnsamlinga ved UiB, som var eit verv han skjøtta svært godt. Han fekk etablert samarbeid med mange kommunar om innsamling, og han har lagt vekt på å ta i bruk ny teknologi. Mykje namnestoff vart samla i hans tid som samlingsleiar. Mellom anna var han med å ta initiativ til kartsida *Hordanamn* der ein kan søkja på stadnamn og stadnamnformer i tidlegare Hordaland fylke og vidare sjå namna i kart og høyra den lokale uttalen. Dette er eit svært nyttig verktøy for alle stadnamninteresserte.

Ole-Jørgen har vore stadnamnkonsulent for Vestlandet i samarbeid med Oddvar Nes i perioden 1991–1993 og frå 1999 til Oddvar Nes døydde i 2016. Frå 2017 var han namnekonsulent saman med Gunnstein Akselberg. I alle desse åra hadde han eit nært samarbeid med Kjell Erik Steinbru.

Også i den nordiske samarbeidskomitéen for namnegransking, NORNA, har Ole-Jørgen vore mykje aktiv og mellom anna sete i styret der. Han var òg med på å realisera tanken til Nils Hallan om eit nasjonalt namnetidsskrift. Tidsskriftet fekk namnet *Namn og Nemne* og kom med sitt fyrste hefte i 1983. I åra 1983–1996 og 2013–2021 var han medlem av redaksjonen.

Ole-Jørgen har vore styreleiar for *Prosjekt for datamaskinell språkhandsaming* (PDS)/*Norsk termbank* (1983–1986), leiar i *Nasjonalt fagråd i nordisk* (1982–85), styremedlem i *Landslaget for norskundervisning* (1980–82), leiar same stad (1983–84), medlem av *Lærarutdanningsrådet* (1988–1993, m.a. leiar) og leiar i utvalet som utarbeidde innstillinga *For et lærerikt samfunn* (NOU) (1988). For å nemna verva som er knytte til språkrelaterte oppgåver.

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@uib.no

ARTIKLAR

DITTA JØNTELGROVI[2]

Innleiing

Rett utanfor (sør for) Mjeltegrindi i Prestgarden i Jostedal renn ei liti diple av ei grov som heiter *Jøntelgrovi*, her nedskrive etter uttalen, som er med tonelag 1. Grovi er no so liti at ho er nesten usynleg. I turkeperiodar kan ho bli heilt borte. Siste hundreåret har snøane i fjellet tøya ut mykje, minka, og jamvel vorte heilt borte, og derfor er det mindre vatn i grøvene.[3] Dermed er det grunn til å tru at Jøntelgrovi har hatt meir stabil vassføring tidlegare.

Før nyevegen (noverande fylkesveg 604) gjennom Styggegjølet vart bygd tidleg på 1900-talet, var det gamlevegen som var ålmannsvegen. Det var den vegen folk brukte når dei gjekk til kyrkje, og Jøntelgrovi var siste vassdraget før kyrkja. Munnleg tradisjon fortel at då var det vanleg at folk stansa ved Jøntelgrovi. Dei kjemde seg og fiffa seg, gnudde av eventuelle flekker på kledi, og gjorde seg på alle måtar mest mogeleg presentable før dei skulle syna seg for alt folket på kyrkje-bakken.

For ei tid attende diskuterte nokre av oss i brukarkrinsen kva namnet eigentleg betyr, og i samanheng med det ogso korleis det bør skrivast, kva som er «rett». Når me skal fastsetja ei skriftform, går me attende til norrøn form, om ei slik finst, eller prøver å rekonstruera ei norrøn form om me ikkje har ei slik (jf. Nes 1987: 55). Ved mikrotoponym, slike som *Jøntelgrovi*, finst det normalt ikkje norrøne belegg.[4]

---

[2] Når det står «ditta» og ikkje «dinna» *Jøntelgrovi*, er det fordi det her gjeld stadnamnet, ikkje vassdraget.

[3] Far min, Kåre Nedrelid (1921–2003), hugsa at det låg ei heilårsfonn oppmed Storevarden som heitte Vassfonni. Ho tøya bort, og det vart mindre vatn i Storegrovi og Halvegsgrovi, som begge kjem derfrå. Eg har aldri sett Vassfonni, ho var heilt borte før eg kom so høgt oppi, men det var tydeleg å sjå kvar ho hadde lege. Steinane var drivkvite, utan lav på, nyss komne undan isen.

[4] Berre to namn or Jostedalen er belagde i norrøne kjelder, begge i DN I 432 frå 1374, nemleg gardsnamni *á Kruna* og *í Krokgilium*, i matrikkelen frå 1907 oppførde som *Kronen* og *Krokjeljen* (Norges Matrikkel 1907: 3, 5). Dialektformi av *Kronen* er [kru:na] (NG 12: 5 f.). Krokjeljen vart utskilt frå Åsen i 1898 (Øyane 1994: 230), og er derfor ikkje med i NG 12. I dag er det mest berre kortformi *Jilja* som er brukt om gardsbruket, men den lange formi er bevart i slektsnamnet *Krokgjelet*. Eldre folk sa *Krokjilja*, og ein replikk i eit gamalt fortal læt slik: «Laut du lika på Krokjiljane?» Det syner at namnet før truleg har vore eit pluralnamn, noko som samstavar med det norrøne belegget.

Dermed lyt me prøva å konstruera ei norrøn form. I dette høvet er etterleddet enkelt, det er *grov* (f.), «bekk, vasstraum, bekkefar» (NO 4: 842). I jostedalsmålet er *gróv* (pl. [1]*grøve*) den normale termen for vassdrag som er mindre enn elvar,[5] medan *bekk* er ein stad me tek vatn. https://ordbokene.no/nn/76598

Mogelege opphav

Forleddet er problematisk, for dei to fyrste fonemi kan begge ha varierande opphav. *J*-lyden blir i moderne nynorsk skriven som <dj> (*djerv*, *djup*), <g> (*geit*, *gir*, *gyger*, verbet *gøy*), <gj> (*gjera*, *gjort*, *gjær*), <hj> (*hjarta*, *hjelpa*, *hjort*), <j> (*jarn*, *jorta*, *jord*) og <lj> (*ljos*, *ljuga*, *ljå*). Nynorsk <lj> kan ogso koma av norrønt <hlj>, *ljod* < *hljóð*. I jostedalsmålet finn me det att som /jø:/ n. '*rop*, *skrik*'. Vidare kan den moderne *ø*-en sjølvsagt vera ein norrøn /ø/, lang eller kort, som i *mø:te* <*møta* og *øks*<*øx*. Det kan vera ein senka /y/, som i /ønskje/ av norrønt *ynskja*. Det kan vera ein opphavleg *ó*, som i /døt:e/ (*dotter* < *dóttir*), /jø:/ (*ljod* < *hljóð*) og /jø:s/ 'ljos'. Det kan vera ein /e/, av norrøn /a/, som i verbet /jølpe/ (*hjelpa* < *hjalpa*) og endeleg kan opphavet vera *ǫ*, som i /bjønn/bjødn/[6] av *bjǫrn*. Konsonantsambandet etter rotvokalen, /nt/, har rimelegvis vore /nt/, sjølv om det ikkje kan utelukkast at det har falle ut ein konsonant midt i, etter trekonsonantregelen. Adjektivet *hendt* (NO 5: 299, bet. 2) blir uttala /hent/ (hokjønnsform, hankjønnsformi har svarabhaktivokal, [1]*hente*).

Siste stavingi kan vera suffikset -*ill*, som i *lykjel* (norr. *lykill*), men det kan ogso vera ein svarabhaktivokal (meir om dette nedanfor).

Om me berre held oss til byrjingi i ordet, finst det teoretisk 35 mogelege variablar, fordi konsonantelementet kan ha sju norrøne opphav, og etterfylgjande vokal kan ha fem. Somme av variablane er likevel berre teoretiske. Palatalisering av /g/, som fører til *j*-uttale, skjer berre framfor framre vokalar. Ord som *gamal* og *god* beheld *g*-lyden, medan *gefa*, *genta*, *gýgr* og *góða* blir /je:/, /jente/, /[1]jygger/ og /jø:/.

Initial konsonantlyd

/j/ av <dj> som i /ju:p/; /jerv/ (*djup*<*djúp*; *djerv*<*djarfr*)
/j/ av <g> som i /jeit/ (*geit*),
/j/ av <gj> som i /jedna/jen:a/; /jort/ (*gjerne*<*gjarna*; *gjort*< *gjǫrt*)
/j/ av <hj> som i /jerta/; /jort/; /jelm/; /jølpe/ (*hjarta*; *hjort*<*hjǫrtr*; *hjelm*<*hjalmr*; *hjelpa*<*hjalpa*)

---

[5] Grensa mellom elv og grov er diskutabel, men namnet på ei grov endar på -*grovi* (t.d. *Storegrovi*), og namnet på ei elv endar på -*elvi* (td. *Sperlelvi*) eller -*døla* (td. *Grøndøla*).
[6] Dialekten har differensierte former i den sørlege delen av bygdi, og assimilerte former i den nordlege delen, sjå Larsen (1926: 416).

/j/ av <hlj> som i /jø:/ (*ljod*<*hljóð*)
/j/ av < j> som i /jarn/; /jorte/; /jo:r/ (*jorta*< *jórtra*; *jord*< *jǫrð*)
/j/ av <lj> som i /jå:/; /jø:s/: /ju:ge/ (*ljå*; *ljos*<*ljós*; *ljuga*<*ljúga*)

Rotvokal

Rotvokalen kan teoretisk stamma frå fem ulike vokalar i norrønt. Som me alt har sett, kan *y*-en bli senka (*ønskja*), *o*-en kan bli labialisert (*dóttir* > *døtte*), og *e*-en kan bli runda (*hjalpa*> *hjelpa*> *jølpe*). Den lyden som i norrøn normalortografi blir skriven som *ǫ*, finn me normalt att som ein /o/ (*bǫrn* > *born*/ *bodn*), men det heiter *bjønn*/*bjødn* (av norr. *bjǫrn*) og *støl* (av norr. *stǫðull*).

/ø/ av <ǿ> som i /mø:te/, /møt:e/ (*møte*, *møtte* av norr. *móta*, *mótti*)
/ø/ av <y> som i /ønsje/ (*ynskja*)
/ø/ av /ó/ som i /døt:e/ (*dotter* < *dóttir*)
/ø/ av <e> som i /jølpe/ (*hjelpa* < *hjalpa*)
/ø/ av <ǫ> som i /bjødn/bjønn/; /stø:l/ (*bjørn* < *bjǫrn*; *støl* < *stǫðull*)

Konsonantsambandet -*nt*-

Merk at konsonantsambandet /nt/ ikkje er assimilert. Konsonantsambandet er bevart i mange ord, som *fant*, *fente*, *gantast*, *jente*, *kant*. I dialekten finst ogso konsonantsambandet bevart uassimilert i stadnamn som *Storeklanten*, *Tulliklanten* og *Vitleklanten*, alle i utmarki til grannegarden Nedrelid.[7] I denne samanhengen er substantivet *jente* og verbet *gantast* av særleg interesse, sidan dei kan vera av same rot som forleddet i stadnamnet.

Suffiks -*ill* eller svarabhakti?

Siste stavingi, -*el*, kan teoretisk vera det norrøne suffikset -*ill*. Suffikset -*ill* finst i hankjønnsord som *lykjel* (norr. *lykill*), *kankel,*[8] *tistel* (norr. *þistill*) og *trygel* (norr. *trygill*). Men desse har alle tonelag to. Ei **Lykjelgrovi* ville venteleg fått tonelag 2.[9] For denne tolkingi talar rotvokalen, som er /ø/ eller kanskje /y/. Den vitnar om *i*-omlyd i rotstavingi pga av ein etterfylgjande /i/, som i *lykill* (heng saman med verbet *luka*) og *trygill*, som er eit lite *trog* (trau).[10] Suffikset -*ill* finst ogso i adjektiv (td. *lítill*) i norrønt.

---

[7] Derimot er det assimilerte former i verbet *binda* (å *bitte* –[1]*bitte* - *batt* – har *butte*, er *butten, butti, butte; butne*, imperativ *bitt*).
[8] Ordet står ikkje i *Norrøn ordbok*. Derimot finst det i *Norsk Ordbok*, 1 kankel , bot., kank = stand el klase av blomster, bær eller frukt» (6: 104 f.).
[9] Eg kjenner ikkje eintalsformi i samansetningar. Vanlege ord som *luklahol* og *luklahonk* må gå attende på fleirtalsformi. I det siste tilfellet er det naturleg, på ei honk er det oftast meir enn ein.

Ei anna mogeleg forklaring er at -e-en i denne stavingi er ein svarabhakti. «Svarabhakti-vokal er ein hjelpe- eller glidevokal som vert innskoten millom tvo konsonantar» (Indrebø 2201: 116). Termen svarabhakti er brukt om innskotsvokal før *-l, -n* og *-r*, (jf. Petterson 2005: 96, Torp og Vikør 2014: 55). Ord med svarabhakti får tonelag 1, jamfør *beittel* (av norr. *beizl*), *hattel* (av *hasl*), *vatten* (*vatn*), og *åkker* (av *ákr*) og andre ord med *-r*.

Ordbøker

Ei gjennomblading av norrøne ordbøker (Heggstad, Fritzner) fører oss ikkje nærare ei løysing på gåta. Men i *Nynorsk etymologisk ordbok* (Torp 1919 [1992]) finst i alle fall noko som kan likna. Der står verbet *gynta*, furta, og «Ved indvirkning herfra gyntelgod og gyntergod for dyntelgod. Dunkelt» (sp. 192). Adjektivet *dyntelgod* («let støtt, prippen») blir sett i samband med *gantast* og *gjenta*, (sp.82). Me kan sjå at adjektivet *dynkelgod* er oppført i *Svenskt dialektlexikon* som form av *gynkelgod* (Rietz 1962: 223). Hans Ross har «*dyntl'god* adj. let stødt, prippen», med formene *dyntr'go(d)*, *tyntelgo(d)*, *gyntlgo* og *kyntlgo* (1971: 124). (Meir om *d*-nedanfor.) *Norsk Ordbok* har *gynt*, *gynta*, *gyntelgod*, og andre samansetningar med *gyntel-*, *gyntl-* sjå *gyntel* (NO 4:1109 f.).

Falk og Torp 1903–06 [1992] har *gantes* (1992: 216) og *Gjente*: (1992: 227). Torp 1919 [1992] har *Gant*, *gantast* (1992: 146), *Gjenta* (1992:157), og altso verbet *gynta* og *gynt* (1992: 192). Det siste skal bety «furte» og «en furter». Men der står det ogso «dunkel». De Vries 1962 har *genta,* som han set i samanheng med «nisl. nnorw. *gant* 'scherz', nnorw. *gantast*, nschw. dial. *ganta*, *gantas*, *gantra*, 'scherzen'. „Wohl *t*-bildung zu *gana*." (1962: 163). Asgeir Blöndal Magnusson har «*ganti* k. 'flón, galgopi; † galsi'; *ganta* kv. 'flónsleg kona'; *ganta(st)* s. 'gabba, glettast við; gorta'; *gantan* kv. † 'gaspur, gort' […]» (1989: 229). Hellquist har jänta, «(sannol. analogisk) femininbildning till ä.nsv. *gant*, narr» (1980: 427). De Caprona har «jente av norrønt *genta*, hunkjønn av *ganti* «gant, narr» (2015: 39).

Alle ord med /a/ og /e/ som rotvokal blir førde attende til same rot. Ordi med /e/ er avleidde av dei med /a/, med i-omlyd i rotvokalen, *genta* (med seinare konsonantutvikling til /j/) til *gant*, som *fenta* til *fant* (Falk og Torp, Hellqvist). Roti dei fleste fører det til, er *gana*, gapa.

Målet har døme på at /e/ har vorte runda i verbet *jølpe* (nyn. *hjelpa*/e < norr. *hjalpa*). Preposisjonen *igjøno* har former med /ø/ allereie i norrøn tid (*í gegnum,*

[10] Norrønt og vestnorsk *trog* har fått rotvokalen senka pga av *a*-omlyd, jf. svensk *trug* (utan *a*-omlyd) «TRUG, sbst.[2] , se **tråg**.» SAOB, nettutgåva, lasta 11/2-2022. «I avledninger til rota med *i*-omlyd er derimot utgangspunktet for *i*-omlyden /u/ og ikkje /o/» Iversen 1973: 17)

gǫ́gnum, gøgnum, gegnim, Heggstad m. fl. 1997: 141). Eit **gent* kan derfor ikkje utelukkast (sjå nedanfor om *gentil*). Dersom rotvokalen opphavleg er /y/, som er ein omlydsprodukt, føreset det ei rot **gunt* eller **gont*. Den måtte i so fall representert eit anna avlydstrinn. Me ser at det finst nokre ord med *jynt-* i *Norsk Ordbok*, og Torp har, som nemnt, både *gynta* og *gynt m* (1919 [1992] : 192). Elles er betydningen delvis nedsetjande, *gant* er narr, og *jenta* har ogso opphavleg vore nedsetjande. «Sin nedsættende betydning (forfløient fruentimmer) har ordet tabt gjennem anvendelse som spøgende kjæleord (sml. «din skøier, skjelm» o.lign.), se *glut*» (Falk & Torp 1992: 227).

Peer Gynt?

Det finst ogso ein svært kjend litterær figur som heiter *Peer Gynt*, hovudpersonen i Ibsens drama med same namn. No er det mest vanleg å uttala etternamnet med hard g, men i Gudbrandsdalen er uttalen med /j/, og det var truleg ogso Ibsens uttale (Lomheim, nett). Namnet skal koma frå ein historisk person:

> «Per Gynt skal ha vært en sagnomsust reinjeger fra Sødorp i Gudbrandsdalen. Dersom han også var en historisk person, må han ha levd en gang på 1600-tallet.[1] Per Gynt-sagnene er ofte konsentrert om hvordan han evnet å tukte troll, omgås huldrejenter, og overdrive sine egne, personlige fortellinger fra ensomme jaktopplevelser i fjellheimen.» (Per Gynt, Wikipedia, lasta 9/2-22.)

I Sverre Mørkhagens bok om Peer Gynt finst eit kapittel om den historiske Per. Mørkhagen refererer to syn på namnet, anten som tilnamn eller som gamalt slektsnamn: «Og kårlest Gjynt-namne er lagt på 'n, er dæ hellanitte någå å få veta om, kanskje er dæ eit oppnamn og kanskje eit gåmålt slektsnamn» (Ivar Kleiven, her sitert etter Mørkhagen 1997: 81). «Kluften hevder videre at 'Gynt' er et tilnavn, som kommer av verbet gyne. I Gudbrandsdalen betyr det noe i nærheten av å myse eller skimte, noe som jegeren ofte gjør i fjellet […]. Han avviser dermed at Gynt-navnet kan ha sin forklaring i et gammelt familienavn.» (Mørkhagen 1997: 87). «Strax østen for, eller i S.O. for Gaarden Sødorp ligger den Gaard Hage, paa hvilken berettes, at en adelig Familie ved Navn Gÿnter, har fordum levet» (Schøning, her sitert etter Mørkhagen 1997: 95). Mørkhagen viser at «I lensregneskapet for Akershus 1557–1558 opplyses det om en Jonn Gynnthe, som betaler én daler i bygselsavgift til kongen for en gård i Fron.» (Mørkhagen 1997: 95). Mørkhagen ser

ut til å festa mest lit til slektsnamnet som opphav, og at det dermed er eit innført namn (1997: 95 ff.)

Eventuelt låneord?

Dersom *Gynt* i Peer Gynt er eit innført slektsnamn, kan me heller ikkje sjå bort ifrå at forleddet i Jøntelgrovi kan vera eit låneord. I nordiske ordbøker finst eit fransk låneord *gentil*, som er belagt i alle dei store ordbøkene, *Norsk Ordbok* (band 3: 1569), *Norsk Riksmålsordbok* (band 1: 1476), *Svenska Akademiens Ordbok* (nettutgåva) og *Ordbok over det Danske Sprog* (nettutgåva). Men alle ordbøkene oppgjev uttalen [sjangti'l], og denne uttalen høver ikkje med namnet på vassdraget. Derimot kunne betydningen i noko mon passa, om namnet *Jøntelgrovi* har samanheng med bruken av lokaliteten som «skjønnheitssalong». I *Svenska Akademins Ordbok*, betydning 2, står «(vard., i sht skämts.) om person med hänsyn till hans yttre, i sht klädsel, l. om dräkt l. bostad l. bohag l. måltid l. festlig tillställning l. uttryck o. d.: elegant, fin, stilig, ståtlig; dyrbart l. smakfullt klädd; ofta (i sht om person) ironiskt l. med klandrande bibet.: sprättig, utstyrd o. d.; stundom (i folkligt spr.) om person med hänsyn till hans samhällsställning: fin, förnäm» (SAOB, nettversjonen).

I denne samanhengen bør ogso eit nyare lån nemnast, nemleg *gentleman*. Ordet står i *Norsk Ordbok* (3: 1569), med både ein og to *n*-ar til slutt, med belegg frå 1800-talet (Vinje). Rett nok er tonelaget det same, men det er heller lite sannsynleg som opphav til forleddet her. Då måtte ein i so fall tenkja seg eit *gentlemanns-grovi, med bortfall av leddet i midten. Slik underteikna har oppfatta tradisjonen, var det ogso særleg kvinnfolki som fiffa seg ved Jøntelgrovi. Dei skulle kanskje fletta seg og skrua seg, det trong ikkje mannfolki å gjera. Det kan ikkje utelukkast at dei ogso gantast og dreiv gjøn når dei var der, før dei kom til kyrkja og laut vera alvorsame. Torp set ogso *gjøna* (drille, narre, spøke med, spotte, trodse) og *gjøn* i samband med *gina* («gape», (1919 [1992]: 160).

Djøntelgrovi?

Me lyt ogso drøfta *dynt-* som mogeleg forledd. Torp har *dyntelgod*, som blir sett i samband med *gantast* og *gjenta* (1919 [1992]: 82, 192). Rietz har *dynkelgod* som form av *gynkelgod* (1962: 223). Ross har «*dyntl'god*, med formene *dyntr'go(d)*, *tyntelgo(d)*, *gyntlgo* og *kyntlgo* (1971: 124). Han har ogso ein *dynt* m. og ei *dynta* f., og verbet *dynta*. Verbet *dynta* er oppslagsord i Torp, «se dunt» (1919 [1992]: 82). Under *dunt* (m) finn me ma. gno. *dyntr*, som blir ført til ei germansk rot «**dunti-* avlydende til roten **dent*» (1919 [1992]: 79). *Dunt* har med støyt og puff og lett

slag å gjera. Ross har *dynt* m., *dynta* f. «en selvgod, magelig, kunstlet, viktig og sirlig Person» (1971: 124), noko som kunne gje meiningi, men det verkar likevel noko langhenta.

Avslutning

Namn på store elvar har i mange tilfelle samanheng med utsjånad og andre eigenskapar. «Svært mange av dei fortel om låt og læte eller korleis fallet på elva er […]. Ofte kan det òg vera fargen eller lysforholda som namngjevarane har fest seg ved» (Stemshaug1985: 61). Mikrotoponym kan derimot ha samanheng med bruk av lokaliteten, td. *Øykjabekken*, der dei brønte hestane om vinteren. Det er rimeleg å tenkja seg at namnet på Jøntelgrovi har samanheng med at det var der folk ordna og pynta seg.

So korleis skal namnet skrivast? Det er uklårt kva forleddet betyr, men det kan hengja saman med *gant*, eventuelt med eit **gont* eller **gunt*. Etymologisk kunne då *gyntelgrovi* vera eit brukande svar, sjølv om innhaldet er, som det står i fleire av ordbøkene, «dunkelt». Men med talemålet som rettesnor må skrivemåten utan tvil bli *Jøntelgrovi*.

Litteraturliste

Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Íslensk Orðsifjabók*. Reykjavík, Orðabók Háskólans.

De Caprona, Yann, 2015: *Norsk etymologisk ordbok. Tematisk ordnet*. Oslo, Kagge forlag.

De Vries, Jan, 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuck*. Leiden, E.J. Brill.

Falk, Hjalmar og Torp, Alf, 1903–06 [1992]: *Etymologisk Ordbog over det norske og det danske Sprog*. Oslo, Bjørn Ringstrøms Antikvariat.

Fritzner, Johan, 1997: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. Oslo–Bergen–Tromsø, Universitetsforlaget.

Heggstad, Leiv, m.fl. 1997: *Norrøn ordbok*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Hellquist, Elof, 1922 [1980]: *Svensk etymologisk ordbok*. Malmö, Glerups.

Indrebø, Gustav, 2001: *Norsk målsoga*. Bergen, Norsk Bokreidingslag.

Iversen, Ragnvald, 1973: *Norrøn grammatikk*. Oslo, Aschehoug.

Larsen, Amund B., 1926: *Sognemålene*. Oslo, I kommisjon hos Jacob Dybwad,

Mørkhagen, Sverre, 1997: *Peer Gynt – historie, sagn og «forbandet Digt»*. Oslo, J. W. Cappelens forlag.

Nes, Oddvar, 1987: Namnetolkning. I: *Maal og minne* (55–67).

NG 12: *Norske Gaardnavne XII. Nordre Bergenhus*.

NO = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. 1–12. 1966–2016. Oslo, Det Norske Samlaget.

Norges Matrikkel 1907.

Petterson, Gertrud, 2005: *Svenska språket under sjuhundra år*. Lund, Studentlitteratur.

Roos, Hans, 1971: *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen*. Oslo-Bergen-Tromsø, Universitetsforlaget.

Stemshaug, Ola, 1985: *Namn i Noreg*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Torp, Alf, 1919 [1992]: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Oslo, Bjørn Ringstrøms Antikvariat.

Torp, Arne og Vikør, Lars S., 2014: *Hovuddrag i norsk språkhistorie. 4. utgåve*. Oslo, Gyldendal akademisk.

Øyane, Lars, 1994: *Gards- og ættesoge for Luster kommune. Band V: Jostedal sokn*. [Gaupne], Luster kommune.

Nettstader:

ODS: https://ordnet.dk/ods/ordbog?query=gentil&tab=for

Per Gynt: https://no.wikipedia.org/wiki/Per_Gynt

SAOB: https://www.saob.se/

Lomheim: https://www.nrk.no/innlandet/sprakprofessor-mener-vi-uttaler-_peer-gynt_-feil-1.13780606

https://framtida.no/2018/01/03/vi-uttalar-peer-gynt-feil

Gudlaug Nedrelid
gudlaugn@online.no

"KVINDENAVN SOM MAASKE INGEN DER HAR BAARET, UDEN DEN ENE [...]"

Gnr. 94 i Råde i Østfold heiter *Makrellrød* |"*makrelrø*|. Garden ligg på ein rygg ved stranda med Makrellskjær like utanfor, slik sett er namnet upåfallande. Det flokar seg likevel snart når ein ser på gamle skriveformer: Maktildarud RB 487 og 489 [ca 1400], derimot i Þughnarudom DN I 484 [1420], Macklerudt St. 36 b [rundt 1575], Makrelrudt 1578, 1635 og Mackrillerød 1593 (NG 1: 334).

For å ta det først, Rygh kommenterer ikkje namneforma *i Þughnarudom*. Det er nærliggande å sjå det som avsporing av gno. **Þúfnaruð* med gno. *þúfa* i gen.pl., for på raet er fleire rundvorne humpar. Dette tilsynelatande parallellnamnet blir tydelegvis ikkje nytta oftare, derimot er det klart nok at formene Makrellrudt og Mackrillerød frå siste del av 1500-talet og seinare inneheld lydlege omkastingar av eit forledd som tidlegare vart oppfatta som *makle*-, før det att som *maktild*-.

Her har Oluf Rygh ei finurleg tolking: «Maktildarruð, af det fra Tydskland indførte Kvindenavn *Maktildr*, der neppe ellers kan paavises i Norge i MA. Den Form, hvortil Navnet senere er gaaet over (som det sees, allerede i 16de Aarh.), er ganske eiendommelig og morsom; den bliver forklarlig derved, at Folk i Bygden kjendte meget bedre til Makrelfiskeri, end til det sjeldne Kvindenavn, som maaske ingen der har baaret, uden den ene, efter hvem Gaarden fik sit Navn (før 1400, som man ser)».

Hadde Rygh hatt høve til å søke i nasjonale namneregister av det slaget vi eig i dag, ville han rimelegvis ha drege litt andre slutningar, og då tenker eg på namn som *Makrellvatnet* på Hitra, *Makrelltjønna* i Namsos og Birkenes, *Makrelltjern* i Øvre Eiker, og vidare *Makrellknatten* i Lørenskog, *Makrelldalen* i Modum, for ikkje å gløyme *Makrellbekken* i Larvik, Eidsvoll og Oslo, «naturstridige» namn alle i hop. Det gjeld òg for *Makrellbukta* i Gjersjøen, Nordre Follo.

Sams for lokalitetane er at det er tale om små dalsøkk, nokre med tjønner og fleire med bekkar. Inga forklaring passar betre enn sørsamisk *mahkeld* «slutten på ein dal eller bekk». I nord lyder avsporingar av same ordet *Makkelv*-, *Matkjel*-, *Ma(g)keil*- ! I Makrellrød sitt tilfelle ser vi at garden ligg på eit strand-ra, som i sørvest glir saman med åsdrag litt innafor stranda, i skarp vinkel så det oppstår ei krå (Makrellrødkroken). Kråa utvidar seg i nordaustleg retning, og ho hallar nedover slik at det oppstår eit lite, men distinkt avgrensa dalsøkk.

Vi kjem atter til Rygh, for «det fra Tydskland indførte Kvindenavn *Maktildr*, der neppe ellers kan paavises i Norge» har – for å putte inn eit moderne ord – fått all tenkeleg PR. Om *Malterud* gnr. 32 i Ås seiest òg, at Sophus Bugge «antager den opr. Form at være Maktildarruð, af det fra Tydskland indførte Kvindenavn Maktildr. Ingen Person med dette Navn kjendes i Norge i MA, men det kan sees at have været brugt, da Makrelrød, GN. 94 i Raade, i RB skrives Maktildarud».
Dette er sirkelresonnement av beste sort, og om ikkje det var nok, *Maktildr* blir einslags sanningsvitne i omtalen av eit gardsnamn frå Naustdal i Sunnfjord òg: gnr 23 *Apnesæter* |"*appnasæ:t*|: Agmagesetter NRJ II 134, paa Agmarsette DV VI 806 1552, Ackmandsetter 1563, Achmandsetther 1567, Atmundtzetter 1603, Attmandtsetter 1608, Attmandsetter 1667, Apnesetter 1723 (NG b 12: 347).

> «Det er vel neppe sandsynligt, at Agmarsette skulde være *Agmarssetr af et ellers i nordiske Sprog ukjendt Mandsnavn *Agmarr, der kunde svare til det oldtydske Agamar (Agomar, Agmar), hvorom se Förstemann, Altdeutsches Namenbuch. B. 1. 2. aufl. Sp. 23. Nogen anden Gjetning ved jeg dog ikke at fremsætte; men dette Navns Udvikling til den nuv. Form synes rigtignok uforklarlig. Mulig kunde man sammenligne med Maktildarud RB. 487. 489, til Grund for hvilket ligger et fra Tydskland laant Kvindenavn Maktildr, hvoraf ellers intet Spor findes i Norge; ogsaa dette Gaardnavn har faaet en helt uregelmæssig Udvikling, da det nu lyder Ma`krelrø(d)».

Ved topografien på Apnaset er det å merke at garden ligg på ei hylle med bratt kant mot fjorden, men òg at ein god del av jordvegen ligg i eit breitt, brattkanta «innhøgg» i åssida, vinkelrett i søraustre ende.

Det er på tide å gløtte i nordleg lei og tenke på det nordsamiske *ađ'gâ*, *āđga, = al'gâ, ar'gâ* «flat strekning ovenfor flomålet, bevokset med fint gress», som er kjent frå ei lang rad Finnmark-bygder; merk òg *ađ'gâ-rājja, ar'gâ-rājje* «øverste flomål» (Qv 1944 nr 4).

Så mykje er klart, forleddet *Ag*- og *Ack*- frå 1500-talet kan gå tilbake på forma *ađ'gâ*. Tilsvarande kan – med tanke på kroken i åssida – *mage* i den tidlegaste forma *Agmagesetter*, forståast som skriveform av sørsamisk *måhkie* alias *mehkie* «bukt, krok, det inste el. øvste av noko» (Qv 1944 nr 595), på nordsamisk *mohkki* «krok, sving, buktning», lulesamisk *måhkke*.

Her er nord- og sørsamisk blanda for å vise det topografiske, sisteleddet -*set* er norsk i alle fall. Som når det gjaldt Maktildr fann nok Rygh det enklast å gå ut frå «et ellers i nordiske Sprog ukjendt Mandsnavn *Agmarr». Usagt kva han tenkte var synet på samisk hatsk i Trøndelag. Markus Bang, bisp i Trondheim frå 1774, avskydde det, han sa at Gud ikkje høyrer bøner på samisk og fekk Seminarium Laponicum nedlagt. Neste bisp omtala 1790 «disse uopdragne Mennesker» og refsa prestar og misjonærar som brukte «det forhadte Sprog». Litt av eit fall frå 1200-talet, då Homilieboka slo fast at «hverr maðr á att biðja fyrir ser svo gott sem han kann ok hefr numit, þvi at Vor Drottin kann allar þungur»! – Oluf Rygh var født i Verdal 1833, utenkeleg er at hans oppvekstmiljø ikkje visste kva veg vinden lenge hadde blåse.

Finn Myrvang
fmyrvang@gmail.com

BOKOMTALAR

SPRÅKSAMLINGANE SOM TEMANUMMER I *MAAL OG MINNE*

Språksamlingane ved Universitetet i Bergen er en betydelig vitenskapelig ressurs som består av fysisk og elektronisk språklig materiale for fem fagområde: 1) ordbøker (leksikografi), 2) terminologi, 3) målføre og dialektologi, 4) gammelnorsk og norrønt og ikke minst 5) navnegransking.

Det nyeste nummeret av *Maal og Minne* (hefte 114 Nr 2 2022) har Språksamlingane som tema og har som mål å introdusere hva slags ressurs disse samlingene representerer for både språkforskning og annen forskning. Nummeret består av seks følgende bidrag:

En innledningsartikkel av Peder Gammeltoft og Randi Neteland med overskriften *Språksamlingane – ein mangfaldig forskingsressurs*.

En artikkel om Universitetet i Bergens posisjon og strategiske vurderinger i etablering og utvikling av Språksamlingane av Johan Myking med med tittelen *Frå «språksamlingane» til Språksamlingane – prosessen og vurderingane*.

Fire artikler tar for seg hvordan de ulike ressursene ved Språksamlingane kan brukes i språkforskning:

Gunn Inger Lyse, Margunn Rauset, Helge Dyvik: *Kollokasjonar - språkets R2-D2 og C-3PO*.

Randi Neteland: *Med heimstaddialekten i bagasjen? Om korleis målføresynopsisen og folketeljingane kan brukast i historisk sosiolingvistikk*.

Juliane Tiemann: *Fra gammelt seddelarkiv til nye forskningsresultater: Nytt lys på gammelnorsk*.

Leiv Inge Aa: *Om* å *som infinittheitspartikkel og ei grammatikk-teoretisk fundert leksikografisk formidling*.

Når det gjelder stedsnavn, er dette tematisert i noen grad i nummeret, men mindre enn de andre fag områdene. På samme vis som de andre fire fagområdene er ressurser for stedsnavngransking introdusert i innledningsartikkelen *Språksamlingane – ein mangfaldig forskingsressurs,* for eksempel den nye stedsnavnportalen *Norske stedsnavn* / *Norske stadnamn* (Gammeltoft & Neteland 2022: 6–7). I den andre artikkelen *Frå «språksamlingane» til Språksamlingane – prosessen og vurderingane* er stedsnavn nevnt noen steder, for eksempel i forbindelse med historisk bakgrunn for stedsnavnmateriale ved Språksamlingane (Myking 2022: 16) og den vanskelige situasjonen for stedsnavnsamlinger og navnegransking samt den uroen som har oppstått (Myking 2022: 18, 23, 28). Med et blikk på

stedsnavngransking oppsummerer Myking utviklinga av Språksamlingane slik: «[...] Flyttinga av samlingane har gjeve Universitetet i Bergen ny fagleg aktivitet og nye oppgåver, og det er allmenn velvilje og positiv haldning til det. Så er det nok dei i fagmiljøet som kan kjenna seg skuffa over at stadnamndisiplinen ikkje er reetablert og målføregranskinga skubba noko i bakgrunnen. Det skulle vera tydeleg at årsakene til dette ikkje berre ligg i flyttinga av språksamlingane, men like mykje i interne fagpolitiske og økonomiske prosessar ved institusjonen» (Myking 2022: 29). De resterende fire artiklene i dette nummeret representerer fagområde som målføre, leksikografi og gammelnorsk. Derimot er det ingen egen artikkel viet til stedsnavn.

Men i den nevnte innledningsartikkelen blir det vist til tre artikler som eksempel på forskning med utgangspunkt i stedsnavnressurser ved Språksamlingane:

Gammeltoft, Peder. 2022. *Myking* – hvad er det for et navn? Et indblik i norske *ing*-navne. *Bergen Language and Linguistics Studies 12 (1):* 39–69. https:// doi. org/10.15845/bells.v12i1.3534.

Gammeltoft, Peder. Under publisering. Placename types and their distribution what do they signify? [Blir publisert i *UBAS – Universitetet i Bergens arkeologiske skrifter*.]

Vasshus, Krister. Under publisering. Korleis og i kor stor grad har den viking-tidige kontakten på kryss og tvers av Skagerrak sett spor etter seg i stadnamn-utvalet? [Blir publisert i konferanserapporten fra *Den sjuttonde nordiska namn-forskarkongressen*, Helsingfors 2021.]

De som vil vite mer om bruk av stedsnavnressursene i forskning, kan gjerne lese/følge opp artiklene ovenfor. Ellers er det selvfølgelig anbefalt å ta en titt innom hele temanummeret dersom man ønsker å bli bedre kjent med de ulike fagområder ved Språksamlingane.

Referansar:

Gammeltoft, Peder & Neteland, Randi. 2022. Språksamlingane – ein mangfaldig forskingsressurs. *Maal og Minne, 114* (2), s. 3–14.

Myking, Johan. 2022. Frå «språksamlingane» til Språksamlingane – prosessen og «vurderingane. *Maal og Minne*, *114* (2), s. 15–34.

Wen Ge
ge.wen25@icloud.com

NAMN LANGS ORKLA

Stian Hårstad og Ivar Berg: *Namn langs Orkla. Namnehistorie frå Orkelsjøen til Orkedalsøren*. Museumsforlaget 2021. 196 s.

Hovudtittelen fortel at boka handlar om stadnamn frå områda rundt elva Orkla. Det vil seie at namna hører heime i trønderbygdene Rennebu, Meldal og Orkdal. Dei to siste vart i 2020 innlemma i nyskapningen Orkland kommune. I undertittelen ville eg gjerne ha skifta ut det utdøydde papirnamnet «Orkedalsøren» (Ørkdalsøra) med Orkanger, som no har vorte by og er administrativt sentrum i Orkland. Forfattarane (s. 180) skriv at dei har vorte freista «til å bruke den gamle skriftforma på grunn av nesten-rimet.» Denne forklaringa held ikkje mål i ei elles solid bok. Gamle skrivemåtar fortel at det eldste namnet på Orkla var *Ork* 'elva som orkar, arbeider mykje'. Det høver godt med at elva har vorte kalla den største jordtausa i dalen, fordi ho tok mykje jord når ho var flaumstor. Bygdenamnet vart i mellomalderen skrive *Orkadal, men har vel opphavleg* heitt **Orkardalr*. Namnet Orkla har frå først av berre vore bruka om den øvste delen av elva. På Kvikne har dei frå gammalt sagt *åkkla*. Namnet Orkla må vera laga til innsjønamnet Orkelsjøen i Oppdal, som er utgangspunktet for elva.

Tidleg på 1500-talet begynte somme å skrive bygdenamnet med *Ø*- (Ørkedals fylke 1506, Ørchedall ca 1550 og Ørchedallen 1559). Det er ikkje så rart, for på denne tida begynte det å bli mykje rot med skrivemåtane. Merkelegare er det at den tradisjonelle uttalen både i bygda og nabobygdene framleis er *Ørk*-, og innbyggarane kallast *ørkdalingar*. Dette tykkjer eg burde ha vore drøfta i boka.

Forfattarane er begge språkprofessorar ved Universitetet (NTNU) i Trondheim. Ingen av dei er spesialistar i namnegransking, men Berg har arbeidd mykje med eldre språkhistorie og er namnekonsulent for Midt-Norge. Hårstad har drive meir med moderne språkforhold, men er ein allsidig språkmann. Eg har da heller ikkje funne bristar i den namnefaglege kunnskapen. At namnefilologane Tor Erik Jenstad og Berit Sandnes har vore konsulentar i arbeidet, er òg ei kvalitetssikring. Elles ligg det mykje realkunnskap i at begge har vakse opp i landskapet rundt elva Orkla. Ivar Berg (f. 1980) er meldaling, og Stian Hårstad (f. 1977) kjem frå nabobygda Rennebu.

Boka er delt i to hovudbolkar, og «Del II» inneheld rundt 150 namneartiklar «organiserte geografisk etter elvefaret.» Denne delen vil nok vera mest interessant for dei fleste lesarane. Her blir omtala eit klokt utval av mange slag stadnamn:

Gards- og bruksnamn, elvenamn og namn på ymse lokalitetar i landskapet. Mange gardsnamn i distriktet har etter kvart vorte namn på små tettstader og bygdesentra: Løkken (opphavleg Lykkja), Storås, Svorkmo og Fannrem. Løkken er ei dansk skriftform som kom i bruk da her vart starta gruvedrift i 1654. Storås har eit enkelt namn, men verdt å merke seg er at tettgrenda Storås ligg på flata langt nedafor garden oppi åsen. Svorkmo har fått namn etter elva Svorka, medan Fannrem (samansett med norrønt *heimr*) er vanskeleg å tolke sikkert. Elvenamnet Svorka finst fleire stader i nærleiken, er i slekt med adjektivet *svart* og tyder 'den mørke'. Om lag same opphav har namnet Sørkedalen i Oslo kommune. – Orkanger er eit nylaga namn og politisk påfunn frå 1920.

Positivt er at forfattarane omtalar namn på «Villabruk», ofte kalla skyldsettingsnamn. Offisielt er dei eldste frå 1909, da den nye Skylddelingslova bestemte at nye bruk burde «gis særskilt navn». Desse nye bruka er ofte villatomter, men kan også vera *småbruk*. Namna skil seg frå andre bustadnamn ved at dei oftast er *døypenamn* utan samanheng med tradisjonell namnelaging. Språkleg er dei enkle, moteprega og sjablongvorne. Fagfolka har derfor brydd seg lite om desse namna, men da Per Hovda kalla dei «billeg utsalsvare», var han nok for akademisk arrogant og nedlatande.

Berg og Hårstad har skrive ei fagleg solid namnebok, men det verkar som om dei ikkje har bestemt seg heilt for om boka skal vera akademisk avhandling eller populærvitskap for «vanlege folk». Eg trur nok dei har meint det siste, men noen namneartiklar blir kanskje litt vidløftige for mange av lesarane. Bolk I om «Stadnamn og språkhistorie» (s. 11–29) kan vel verke litt skremmande på somme. Eit godt råd kan da vera å hoppe over til namneartiklane. Så kan ein heller vende tilbake når ein kjenner trong til det. Tek ein seg litt tid, vil ein sjå at kapitlet inneheld mykje interessant og forholdsvis lettfatteleg stoff om både stadnamn, dialekt og språkhistorie.

Boka er illustrert med vakre fargefoto, ofte heilsides, av den dyktige fotografen Marianne Dolpen frå Rennebu. Her er også mange eldre foto i svart-kvitt, men kanskje burde dei lagt større vekt på å finne bilete, som vitnar meir om opphavet til stadnamna. Eg vonar boka kan inspirere namnegranskarar til å skrive liknande bøker frå andre landskap. Til dømes *Namn langs Namsen* eller *Namn kring Mjøsa*. Naturlegvis kan ein ta for seg større distrikt slik Inge Særheim har gjort med *Namn i Rogaland*, som også er ei god namnebok. Men eg trur lesarane vil ha eit nærare forhold til stadnamna i eit mindre område, og at det vil skjerpe leselysta.

Kolbjørn Aune

kolbjorn.aune@hotmail.com

STEDSNAVN I BIRKENES

Vidar Haslum: *Stedsnavn i Birkenes*. Novus forlag 2022. 792 s.

Vidar Haslum har skrevet ei storslått bok om stedsnavn i Birkenes. Boka er utgitt av Novus Forlag sammen med historielaget i Birkenes, og presenterer ei såkalt dypinnsamling fra Birkenes kirkesogn. Den inneholder ca. 7000 stedsnavn på 792 sider.

Foruten forord og hilsninger, er selve boka delt inn tre hovedkapitler: «Forarbeidet – innledning» (side 15–46), «Innsamlingen – hoveddel» (side 47– 708) og «Etterarbeidet – sammenfattende oversikt» (side 709–790).

Haslum sier i forordet at boka er for «alle», og at innsamlinga bygger på opplysninger han har fått av hjemmelsmenn, særlig i perioden fram til 1980-tallet, men med hovedvekt på årene 1985 til 1987. Informantene er personer som er født på slutten av 1800-tallet eller på begynnelsen av 1900-tallet. Det er personer som levde da stedsnavn ennå var i daglig bruk på innmark og i utmark rundt om på gårdene, og borger for at materialet er å stole på, og dekker hovedmengden av stedsnavn som har vært i bruk innenfor innsamlingsområdet.

I innledningen går Haslum grundig inn på bakgrunnen for innsamlinga og gjennomføringa av den. Han har også en detaljert oversikt over skriftformer og eldre kilder til navn i Birkenes. Han deler kildene inn i perioder og har gjort et grundig arbeid med å systematisere stoffet. I innledningen tar han også opp hvorfor stedsnavn er viktige å ta vare på, og i den sammenheng også ulike skrivemåter i kildematerialet. Mot slutten av første delen har han en kort beskrivelse av dialekten, og hvordan den delvis kommer til uttrykk i de skriftformene som er brukt i boka. I denne delen tar han blant annet også med tekniske detaljer om hvordan stedsnavnmaterialet er ordnet, og det at han bruker en bostedsbasert framstilling i stedet for en kartbladbasert framstilling. Dette begrunner han blant annet med «[…] å ta vare på navnene slik at mest mulig av den sammenhengen navnene har vært brukt i, trer tydelig fram.» (s. 34).

I hoveddelen behandler Haslum navna fortløpende etter gårdsnummer, fra gnr. 1 til gnr. 91, med noen unntak der det f.eks. er teigblanding (s. 35). Kapitlet begynner med et oversiktskart over Birkenes kirkesokn slik at leseren kan danne seg et bilde av gårdene og beliggenheten deres.

Denne delen kaller Haslum «Innsamlingen», og den utgjør hoveddelen av boka. Hvert kapittel begynner med en innledning der han beskriver gården,

gårdsgrensene og beliggenheten i soknet. Her nevner han også informantene med fødsels- og eventuelt dødsår, og hvilket bruksnummer de har tilknytning til. Deretter følger selve innsamlinga av navna. Haslum starter alltid med gardsnavnet og ei mengde historiske belegg for skrivemåten av navna med årstall, deretter følger innmarksnavn og så utmarksnavn. En spesielt systematisk løsning er det å sette opp primærnavna og så la disse følges av sekundærnavna. På den måten får leseren et godt bilde av navnelandskapet. Alle navna er dessuten fulgt av lydskrift i omtalen av navnet. Det gjør at leseren uansett leksikalsk, eller eventuell tilnærma ortofon, skrivemåte får uttalen av navnet umiddelbart. Hvert kapittel er også illustrert med bilder enten av informanter eller lokaliteter. Her er det både nyere og eldre bilder av steder og aktiviteter. Dette gjør boka leservennlig og levendegjør stoffet samtidig som de underbygger beskrivelser og forklaringer. Etter navnelistene der hvert navn med forklaring refererer til et nummer på kartet, følger selve kartet med tallene inntegna. En positiv vri her er at alle navna også er opplista med kartnummer i tilknytning til dette kartet. Det gjør at det er raskt og lett å finne fram til det navnet man måtte være interessert i på kartet, samtidig som man kan slå opp under gårdsnummeret enten i innmarksnavnlista eller utmarksnavnlista, og finne forklaring på hva navnet refererer til og eventuell språklig forklaring.

Den siste, og tredje, delen av boka er en sammenfatning av resultatet. Her tar Haslum opp ulike typer stedsnavn og hvordan de fungerer. Videre forklarer han hvordan stedsnavn blir til, og han har også ei liste over grunnorda der han deler dem inn etter denotasjonstyper som «kulturobjekter», «fastmark», «myr og grasmark» osv. Sist i denne oversikten har han overskriften «Underleddene». De er ifølge forfatter vanskelige å gruppere, men han setter opp ei liste på 20 grupper, bl.a. Sekundærnavn-underledd, Relasjonsord, Tall osv. Her er det vanskelig å unngå semantisk overlapping, men gruppene hans synes å fungere bra, og de forteller mye om navnetypene i området. I denne siste delen tar Haslum også opp flere grammatiske og semantiske sider ved stedsnavn.

Helt til slutt finner vi registre. Registeret over stedsnavna er satt opp alfabetisk med sidehenvisninger for hvor det enkelte navnet er behandla. Deretter avsluttes det med grunnordregister og personregister.

Haslum skriver bl.a. at han fikk spørsmål om hvem han skriver boka for. Han svarer da at han skriver «for alle». Her kan nok de fleste være enige i at boka er «for alle», slik forfatteren også sier i forordet. Det er et imponerende verk Vidar Haslum står for her. Boka tar opp svært mange sider ved det å forske på stedsnavn, og kan på mange måter brukes som ei lærebok i innsamling og nedskriving av stedsnavn. Denne boka må være den mest omfattende boka som er kommet ut med

utgangspunkt i ei dypinnsamling. Her får vi møte informantene både i sitater og i bildematerialet. Vi får inntrykk av gårdene og de menneskene og den kulturen som er knyttet til dem, og vi får et oppkomme av navn, ordforråd og solide tolkinger av språklig og kulturell art.

Opp gjennom tidene har navnegranskere stadig forbedret resultatene av innsamlinger og framstillinger av materialet. Haslum har her et forbilledlig verk, men som navnegransker vil han alltid måtte stå foran valg av ulike løsninger. Dette har han tilkjennegitt i dette verket også. Men han begrunner på en grundig og overbevisende måte de valga han gjør. Han forteller om bakgrunnen for hvorfor innsamlinga kom i gang i Birkenes, han forteller om hvor viktig det er med lokalt samarbeid, historiske opplysninger, og at stedsnavnforskingas fremste oppgave er å tolke navn, han beskriver intervju- og innsamlingsmåter, beskriver navnelokaliteter osv. Imidlertid drar dette med seg et annet aspekt, hvor grundig og detaljert skal han være? Han må foreta en balansegang mht. tekstmengde. Boka er voluminøs med hensyn til antall sider og kunne kanskje vært redusert noe, f.eks. ved å vurdere om det er nødvendig å skrive detaljert om forskjellen på «statisk» og «dynamisk» stedfesting av navn (s. 28). Tilsvarende kan kanskje innvendes at drøftinga av de to aktuelle lydskriftalfabetene IPA eller norsk lydskrift, som i seg selv er interessant nok, kanskje ikke er helt nødvendig i denne sammenhengen. Den muntlige og folkelige måten å skrive på, som for eksempel: «Vi hadde en lang og hyggelig prat […]» (s. 99), tar også uforholdsmessig mye plass, men synes likevel å kunne passe godt i denne framstillinga.

Som nevnt, problematiserer Haslum på side 34 omkring ei bostedsbasert eller ei kartbasert framstilling. Han velger ei bostedsbasert framstilling som nok er mindre brukt enn ei kartbasert framstilling. Dette begrunner han imidlertid på en god måte, bl.a. ved å vise til Magnus Olsens inndeling i «bygdens navn», «veiens navn» og «gårdens navn», og det er sikkert den beste løsningen for denne boka. Men det vil trolig være slik at dette passer best for primærmottakerne, nemlig stedsnavninteresserte i Birkenes. De vil sannsynligvis knytte interessene sine til gården eller bruket de kjenner eller kommer fra. En svakhet ved dette for andre interesserte kan imidlertid være noe mer uklarhet i oppfatningen av helheten i og med at gårdsnummereringa i si tid var nokså tilfeldig. Et eksempel er gården Tveite, gnr. 91, som grenser til Fjellskår som har gnr. 9. Nabogårdsbruket vil derfor i mange tilfeller ikke være nabogårdsnummeret. Da må man gå til oversiktskartet og sjekke hvilket gårdsnummer som grenser til den aktuelle gården for å se på navn som brukes felles langs gårdsgrensene. Haslum nevner selv at teigblanding også er

ei problemstilling som må behandles på en egen måte når en bruker bostedsbasert framstilling.

For ikke-lokalkjente kan kartutsnitta virke litt fremmede i starten. De er kartutsnitt av gården som omtales, men ofte sammensatt av en del av et ØK-kart klippet sammen med en annen karttype med annen målestokk. Dette utgjør neppe noe stort problem, men gir litt ulikt perspektiv på innmark og utmark. Og inndeling i innmarksnavn og utmarksnavn kan være utfordrende å skille mellom ved at enkelte navn kan representere samme type lokaliteter i begge gruppene. Under Ramselia (gnr. 30) er navnet Englandsfjellet beskrevet «som er et fjell midt i innmarka» og navnet Ramselifjellene har beskrivelsen «Et større åpent og nokså slett område øst for garden.» Her må en kanskje stole på lokalkunnskap om bruk av lokalitetene.

Når det gjelder inndeling av grunnord, er det et systematisk arbeid som er gjort. Likevel kan det være utfordrende å få til konsekvent inndeling i og med at betydning av ord kan overlappe hverandre. Et eksempel kan være inndeling i «Fastmark» i motsetning til «Myr og grasmark». Fastmark defineres som «mark som ikke er våtmark og som ikke trenger å være kultivert», men definisjonen sammenfaller vel også med betydningen til «grasmark» i «Myr og grasmark»? Rett nok har Haslum her unngått å bruke definisjon på sistnevnte, og i stedet brukt eksempler på hva som regnes som «Myr og grasmark» (s.716 og s.717).

Disse eksemplene vil imidlertid alltid være gjenstand for vurderinger og tolkninger. Det er derfor ingen tvil om at Haslum har skrevet et flott verk. Her er det samlet inn kulturstoff, lokalhistorie og språkhistorie av høyeste kvalitet. Dette er et verk som vil stå seg i framtida, og arbeidet vil komme språkforskere, interesserte lokalhistorikere og menigmann til nytte og glede. Her er samlet et oppkomme av leksikalske godbiter som nå er tatt vare på for all framtid.

Vi er inne i en periode med store omveltninger innen primærnæringene der stedsnavn gjennom tidene har vært en grunnleggende faktor. Vidar Haslum har derfor kommet med et godt bidrag på rett tidspunkt til å ta vare på en viktig del av kulturarven lokalt. Så håpet til Haslum om å få «bestått» på oppgava, er innfridd med god margin.

Erik Johs. Vintermyr
erikvint@online.no

NAMN OCH BYGD MED ÅRGANG 110

Det ærverdige svenske stadnamntidsskriftet *Namn och bygd* (NoB) har kome ut med årgang 110. Det vart grunnlagt i 1913 av professor Jöran Sahlgren og er det eldste namnevitskaplege tidsskriftet i Norden. Det har vore og er det viktigaste tidsskriftet for formidling av nordisk stadnamnforsking, både i artiklar og meldingar. Det femner ofte over eit par hundre sider. Årgangen 110 er på 215 sider. Nordmannen Inge Særheim er ein av dei tre redaktørane. Han har òg levert to større arbeid til denne årgangen. Det eine er ein omtale av prosjektet Bustadnamn i Østfold, som er ein revisjon og ei sterk utviding av Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* band 1, som gjeld dette fylket. Kåre Hoel samla inn og utarbeidde eit grunnmanuskript over bustadnamna i Østfold. Margit Harsson og Tom Schmidt tok på seg å redigera og gje ut dette materialet kommunevis. Av dei 20 banda i serien har Harsson stått for åtte og Schmidt for tolv. Særheim omtalar nærare dei tre siste banda, alle redigert av Tom Schmidt, og avsluttar det engelskspråklege samandraget i NoB slik: «The two editors deserve praise for carrying out and finishing this important research and publishing project.»

Det andre bidraget til Inge Særheim i denne årgangen har overskrifta Bynamnet *Stavanger*. I denne artikkelen går han gjennom tidlegare diskusjonar av namnet. Sistelekken *anger* 'bukt, fjord' viser til Vågen som skil seg ut frå andre bukter i Rogaland ved eit nokså beint laup inn til byen.

Meir usikkert er det kva som har motivert fyrstelekken *Stav*- 'stav'. Særheim viser m.a. til Anton W. Brøgger og Magnus Olsen som meinte at nettopp det beine laupet til Vågen låg til grunn for fyrstelekken. Særheim trur heller som Knut Helle at det er det bratte Valberget inst i bukta som ligg til grunn for *Stav*-, altså eit vertikalt tilhøve og ikkje horisontalt. Svensken Gösta Holm, som har gjeve ut ei bok om nordiske *anger*-namn, har òg slutta seg til denne tolkinga.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2021–2022

Namnebibliografien femner om namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utanlandske granskarar når dei drøftar norske namn, publiserer/skriv i eller melder norske og internasjonale publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera

fullstendig. Innførslene er ordna alfabetisk etter forfattar utan omsyn til emne. Vi bed lesarane melda frå til redaksjonen om feil og manglar.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

2021

Alhaug, Gulbrand. Fornamn på barn i Larvik og Brunlanes 1865 og 1925. [Omtale av] Karoline Dolven Liberg: *Navnerenessanse i Larvik og Brunlanes? Sammenligning av navnemateriale fra 1865 og 1925*. (Masteroppgave i nordisk språk ved lektorutdanninga, NOR–3982. UiT – Norges arktiske universitet, våren 2021). *Nytt om namn* 71/72, s. 78–80.

Aune, Kolbjørn. Sakrale stadnamn frå førkristen tid i Fosen. Første delen. *Årbok for Fosen* (2021), s. 7–14.

Bakken, Kristin. Margit Harsson. 9. juni 1943 – 3. juni 2021. *Namn og nemne* 38, s. [7]–10.

Boyne, Hans Petter og Svein Nordsletta. *Luonddunamahusat – Samiske naturbenevnelser*. Kárášjohka, 269 s.

Berg, Ivar. Sjå Hårstad, Stian og Ivar Berg.

Bratt, Jesse. Terrengordet avløype. *Namn og nemne* 38, [11]– 19.

Bø, Bjarne. *Mitt fjellrike: nokre råser og stadnamn*. [Breim], Pederhusets vener [vantar sidetal].

de Caprona, Yann. «Verdens stedsnavn – etymologi og historie, ordnet etter land». *Nytt om namn* 71/72, s. 59–61.

Eggert, Birgit og Bo Nissen Knudsen. Dansk navneleksikon. Et nyt dansk online personnavnleksikon. *Nytt om namn* 71/72, s. 39–41.

Ellingsve, Eli Johanne. *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet*. Stamsund: Orkana forlag, 192 s.

Flaten, Tom. Skolebarnsinnsamlinga av stedsnavn på 1930-tallet i Norge og på Agder. *Norsk språk i rom og tid*. Red. av Ernst Håkon Jahr og Gro-Renée Rambø. Oslo: Novus forlag, s. 93–121.

Gjerland, Leif. *Oslos årringer. Stedsnavn forteller historie*. Oslo: Dreyers Forlag. 321 s.

Hagen, Oddmund. Stødig reiseførar i øyriket. [Melding av] Eli Johanne Ellingsve: *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet*. Stamsund: Orkana forlag 2021. *Dag og Tid* 12.11.2021, s. 28.

Haslum, Vidar. Bustadnavn i Østfold – terrengnavn utenfor Østfold. *Nytt om namn* 71/72, s. 44–47.

Haslum, Vidar. Bustadnamn i Østfold fullført. [Omtale av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold. 20. Rakkestad*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 61–66.

Haslum, Vidar. Bok til minne om Kristian Strømshaug. [Omtale av] *Kristian. Årbok for Østfold mållag 2021*. Red. Ragnhild Lier. Fredrikstad. *Nytt om namn* 71/72, s. 75–76.

Haslum, Vidar. Er Birkeland det samme som Birkeland? *BirkenesAvisa* 22.12.2021, s. 9 [kronikk].

Heide, Eldar. Elva *Flokoa* ovanfor Vingrom. *Nytt om namn* 71/72, s. 42–44.

Heinesen, Line Lysaker. Vedtak i klagenemnda 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 20–22.

Helander, Kaisa Rautio. Det språklige landskapets rolle for å styrke urfolks språklige og kulturelle rettigheter. Veinavn i Kautokeino kommune som eksempel. [Linguistic landscape reinforcing indigenous peoples' linguistic and cultural rights. The example of street names in the municipality of Guovdageaidnu in Norway. Norwegian translation.] *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger – Minoritehtagielaid namat njálmmálaš ja čálalaš oktavuođain*. Rapport fra NORNAs 49 symposium i Kautokeino 24.–25. april 2019 – Raporta NORNA 49. symposias Guovdageainnus cuoŋománu 24.–25. beivviid 2019. Red. av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. (Dieđut 1/2021; NORNA-rapporter 99.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 107–124.

Helander, Kaisa Rautio. Gielladuovdagiid rolla eamiálbmoga gielalaš ja kultuvrralaš rivttiid nannemis. Ovdamearkan Guovdageainnu suohkana luoddanamat. [Linguistic landscape reinforcing indigenous peoples' linguistic and cultural rights. The example of street names in the municipality of Guovdageaidnu in Norway.] – *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger – Minoritehtagielaid namat njálmmálaš ja čálalaš oktavuođain*. Rapport fra NORNAs 49 symposium i Kautokeino 24.–25. april 2019 – Raporta NORNA 49. symposias Guovdageainnus cuoŋománu 24.–25. beivviid 2019. Red. av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. (Dieđut 1/2021; NORNA-rapporter 99.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 89–106.

Helleland, Botolv. Margit Harsson 1943–2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 36–37.

Helleland, Botolv. Tungt tysk festskrift i Leipzig. [Omtale av] *Namenforschung und Namenberatung. Dietlind Kremer und Gabriele Rodriguez zum 60.*

Geburtstag. Red. Karheinz Hengst. (Onomastica Lipsiensia. Leipziger Untersuchungen zur Namenforschung). Band 14. Leipziger Universitätsverlag 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 77–78.

Helleland, Botolv. Adjektiviske fyrstelekkar i samansette stadnamn. [Omtale av] Wen Ge: *Kasusformer av adjektiviske førsteledd i sammensatte stedsnavn fra Ullensvang*. (Masteroppgåve i Viking and Medieval Norse Studies ved Universitetet i Oslo. Våren 2021). [Tilgjengeleg elektronisk ved søk på forfattar og tittel]. *Nytt om namn* 71/72, s. 81–82.

Helset, Stig Jarle. Kan stadnamn ha meining? Ein studie i metafor og metonymy i fjellnamn. *Namn och bygd* 109, s. 105–125.

Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 19. Eidsberg*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag, 711 s.

Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 20. Rakkestad*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag, 679 s.

Hoel, Kåre †. *Valdisholm* – og litt om gårdsnavnene *Folkeborg* og *Trømborg*. *Namn og nemne* 38, 21–31.

Hårstad, Stian og Ivar Berg. *Namn langs Orkla. Namneleksikon frå Orkelsjøen til Orkedalsøren*. Trondheim: Museumsforlaget, 196 s.

Jenstad, Tor Erik. Tre nasjonsbyggjande brør. [Omtale av] Per R. Christiansen: *Brødrene Rygh*. *Fra bygdeliv til nasjonsbygging*. Trondheim: Museumsforlaget 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 66–68.

Knudsen, Bo Nissen. Sjå Eggert, Birgit og Bo Nissen Knudsen.

Larsen, Terje. Historia bak gatenamna i Oslo. [Omtale av] Erlend Tidemann: *Historien bak Oslos gatenavn*. Oslo: Dreyers forlag 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 70–72.

Larsen, Terje. Lofotnamn. [Omtale av] Eli Johanne Ellingsve: *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet*. Stamsund: Orkana forlag 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 72–73.

Larsen, Terje. Norsk namnebibliografi 2019–2020. *Nytt om namn* 71/72, s. 83–90.

Larsen, Terje. Stadnamn langs ferdavegane. Jan Adriansen: *Gamle veger og vegfar. En håndbok i vern og tilrettelegging*. (Statens vegvesen og Riksantikvaren), s. 252–254.

Logje, Mikkel Rasmus. Bissojohka ja Porsáŋgu: Leatgo dát borsi-álgosaš namat? [Bissojohka and Porsáŋgu: Names originating in borsi?]. *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger – Minoritehtagielaid namat njálmmálaš ja čálalaš oktavuođain*. Rapport fra NORNAs 49 symposium i

Kautokeino 24.–25. april 2019 – Raporta NORNA 49. symposias Guovdageainnus cuoŋománu 24.–25. beivviid 2019. Red. av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. (Dieđut 1/2021; NORNA-rapporter 99.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 125–138.

Logje, Mikkel Rasmus. Bissojohka ja Porsáŋgu: Navn med opphav i borsi? [Bissojohka and Porsáŋgu: Names originating in borsi? Norwegian translation]. *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger – Minoritehtagielaid namat njálmmálaš ja čálalaš oktavuođain*. Rapport fra NORNAs 49 symposium i Kautokeino 24.–25. april 2019 – Raporta NORNA 49. symposias Guovdageainnus cuoŋománu 24.–25. beivviid 2019. Red. av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. (Dieđut 1/2021; NORNA-rapporter 99.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 139–152.

Magnussen, Kristin Marjun. Anfinnur Johansen 1953–2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 38–39.

Myrvang, Finn. Sløvra. *Nytt om namn* 71/72, s. 48–50.

Myrvang, Finn. Til fjells med havfrua. *Nytt om namn* 71/72, s. 50–55.

Mørkved, Brynjar. Feil på kart og vegskilt. *Nytt om namn* 71/72, s. 55–59.

Myrvang, Finn. Det dunkle namneleddet *Smør-*. *Namn og nemne* 38, s. 33–59.

Namn og nemne 38. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2021. 184 s.

Nordsletta, Svein. Sjå Boyne, Hans Petter og Svein Nordsletta.

Nytt om namn 71/72. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Botolv Helleland ofl. 92 s.

Orseth, Dag. Plottet som samler. Et hermeneutisk perspektiv på kategorisering av betydning i navn på travhester. *Namn og nemne* 38, s. 61–81.

Rydving, Håkan. On the History of the Sami family name system. – *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger – Minoritehtagielaid namat njálmmálaš ja čálalaš oktavuođain*. Rapport fra NORNAs 49 symposium i Kautokeino 24.–25. april 2019 – Raporta NORNA 49. symposias Guovdageainnus cuoŋománu 24.–25. beivviid 2019. Red. av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. (Dieđut 1/2021; NORNA-rapporter 99.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 11–32.

Schmidt, Tom. Bostedsnavn og seternavn i Jämtland. *Namn och bygd* 109, s. 89–104.

Schmidt, Tom. Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län (OGB) fullført. *Nytt om namn* 71/72, s. 73–75.

Schmidt, Tom. Sjå Hoel, Kåre.

Solbakk, Aage. *Deanučázádat – Tanavassdraget*. Kárásjohka, 217 s.

Særheim, Inge. *Fjogstad, Nyvlest, *Ævest*. Sørvestnorske øydegardsnamn på *-stad* frå førhistorisk tid. *Namn och bygd* 109, s. 7–25.

Söderholm, Eira. Bruken av navneparene *kvener – Kvenland* og *finner – Finland* i tekster fra middelalderen. En kildekritisk gjennomgang. *Namn og nemne* 38, s. [83]–159.

Torp, Arne. [Melding av] Eivind Weye: *Fjallanøvn i Føroyum*. (Fróðskapur / Faroe University Press). Tórshavn 2020, ISBN: 978-99918-65-93-5, 190 s. (ill.). *Namn og nemne* 38, s. [180]–184.

Tidemann, Erlend. Historien bak Oslos gatenavn. Oslo: Dreyers Forlag, 429 s.

Tidemann, Erlend. Ny bok om navn i Oslo. [Omtale av] Leif Gjerland: *Oslos årringer*. Oslo: Dreyers forlag 2021. *Nytt om namn* 71/72, s. 68–70.

Utne, Ivar. Mellomnavn i Norge og Danmark, oppfølging av artikkel i *NN* 35 (2018). *Namn og nemne* 38, s. [161]–179.

2022

Boyne, Hans Petter og Svein Nordsletta. *Luonddunamahusat – Samiske naturbenevnelser*. Kárášjohka, 272 s.

Budal, Ingvil Brügger. Sjå Bukve, Trude, Ingvil Brügger Budal og Samuel Mascetti.

Bukve, Trude, Ingvil Brügger Budal og Samuel Mascetti. Språkspor i byen. Formidling av språk og stad som immateriell kulturarv. *Namn og nemne* 39, s. [33]–49.

Elsvatn, Leif og Thomas Brevik Kjærstad. *Sørsamiske stedsnavn i Vefsn, Grane og Hattfjelldal*. *Vefsn museumslag* [nr. 16], 31 s.

Evemalm-Graham, Sofia. A hill og angels and fairies: Sithean Mòr, Iona and the dynamics of Scottish onomastics. *Namn og nemne* 39, s. [51]–67.

Gammeltoft, Peder. Myking – hvad er det for et navn? Et indblik i norske ing-navne. Bergen Language and Linguistics Studies 12 (1), s. 39–69. https://doi.org/10.15845/bells.v12i1.3534.

Gammeltoft, Peder. Analyses Can Reveal about Place-Names Ending in *-bólstaðr* and *-staðir*'. Christian Coojimans (ed.): *Islands and Space. A Festskrift in Honour of Arne Kruse*. (Scottish Society for Northern Studies. University of Edinburgh). Edinburgh, s. 224–251.

Haslum, Vidar. *Stedsnavn i Birkenes*. Oslo: Novus forlag, 791 s. [Boka er nr. 5 i bygdebokserien for Birkenes kirkesogn.]

Heide, Eldar. *Stjørdalen*, *Stjørna og Skjørin* – med nokre metodevurderingar. *Namn og nemne* 39, s. [69]–88.

Helander, Kaisa Rautio. Samisk stedsnavarkiv i Norge. På tide å dokumentere samisk navnetradisjon for fremtidige generasjoner. *Namn og nemne* 39, s. [89]–102.

Helleland, Botolv. Namnelangs til Litlos. *Hundre år på Hardangervidda. Litlos turisthytte 1922–2022*. Red. av Helle Andresen. DNT Oslo og Omegn, s. 108–117.

Helleland, Botolv. Metaphors in Mountain Names with Particular Reference to Western Norway. Christian Coojimans (ed.): *Islands and Space. A Festskrift in Honour of Arne Kruse*. (Scottish Society for Northern Studies. University of Edinburgh). Edinburgh, s. 31–46.

Helleland, Botolv. Stadnamnarkivet hundre år. *Namn og nemne* 39, s. [103]–124.

Kjærstad, Thomas Brevik. Sjå Elsvatn, Leif og Thomas Brevik Kjærstad.

Larsen, Terje. Stadnamnnormering i Noreg – prinsipp, aktørar, tendensar. *Namn og nemne* 39, s. [125]–134.

Larsen, Terje. Ei minilærebok. [Melding av] Stian Hårstad og Ivar Berg. *Namn langs Orkla. Namneleksikon frå Orkelsjøen til Orkedalsøren*. Trondheim: Museumsforlaget. *Dag og Tid* 27.05.2022.

Mascetti, Samuel. Namn på -*sete* i Indre Sogn. Nokre morfologiske og semantiske vurderingar. *Namn og nemne* 39, s. [135]–155.

Mascetti, Samuel. Sjå Bukve, Trude, Ingvil Brügger Budal og Samuel Mascetti.

Namn og nemne 39. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Ivar Berg og Tor Erik Jenstad. Oslo: Novus forlag 2022. 236 s.

Nordsletta, Svein. Sjå Boyne, Hans Petter og Svein Nordsletta.

Olesen, Rikke Steenholt. Divergens og konvergens i standardisering af danske stednavne – fra 1910 til nutiden. *Namn og nemne* 39, s. [157]–176.

Ore, Christian-Emil. Språkrådets tilskuddsording for å ta vare på lokale navn – bakgrunn for tiltaket og status etter seks år. *Namn og nemne* 39, s. [177]–192.

Petrulevich, Alexandra. Ortnamnssamlingar som digital forskningsinfrastruktur: va ska humanisten med digitalt skapade namnmaterial till? *Namn og nemne* 39, s. [7]–31.

Røvik, Solveig Annette. *Steder og stedsnavn i Tvedestrand*. Tvedestrand: Bokhuset forlag, 461 s.

Sandnes, Berit. The Place-Name Collection Project in Møre and Romsdal, Norway. Christian Coojimans (ed.): *Islands and Space. A Festskrift in Honour*

of Arne Kruse. (Scottish Society for Northern Studies. University of Edinburgh). Edinburgh, s. 47–57.

Svensson, Ola. Lokalsamhällets namn i centralmaktens händer. Namnhantering år 1569 och år 1700 från Flackarps horisont. *Namn og nemne* 39, s. [193]–223.

Sæther, Ole Roar. Ut mot havet. … Om utvalde øynamn på kysten av kommunane Hustadvika og Averøy. *Du mitt Nordmøre* (2022), s. 128–146.

Toft, Ellen Hellebostad. *Vegen til stadnamnet* – eit e-læringskurs om stadnamnlova og stadnamnarbeid i kommunane. *Namn og nemne* 39, s. [225]–234.

Tynnøl, Trond. Jiepmaluokta og Giebmegáisi – litt om samiske stadnamn. *Motmæle*, s. 9.

Vasshus, Krister. «Vifill: Ein etymologisk diskusjon». Simon Karlin Björk & Olof Sundqvist (eds.): *Kultledare i fornnordisk religion: ett symposium*. Academiae Regiae Gustavi Adolphi 164, Uppsala 2022, s. 51–61.

Etterrapporterte arbeid

<u>2018</u>

Haslum, Vidar. Et blikk på bostedsnavn i Søgne. *Søgne historielag. Årbok* 2018, s. 25–36.

<u>2020</u>

Haslum, Vidar. Stedsnavn, holdeplasser og adresser i Birkenes. *BirkenesAvisa* 12.02.2020 [kronikk].

Kvam, Ragnar. Hvordan oppstår våre stedsnavn? [Melding av] Gøril Grov Sørdal: Frå Mumletjønn til Gnuldrehei. Våre villaste og raraste stadnamn. Oslo: Spartacus Forlag 2019. *Ordet*. Nr. 2/2020, s. 16–18.

Sæther, Ole Roar: *Ut mot havet. Om utvalde øynamn på kysten av kommunane Hustadvika og Averøy*. Utg. av Eide historielag. 62 s.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Dei viktigaste norske internettadressene:

Norsk namnelag
Leiar: Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

Norsk namnelag har denne heimesida:
norsknamnelag.no. E-post: ellenmarielund@hotmail.com

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og nemne*, så er adressa denne:
ivar.berg@ntnu.no
tor.jenstad@ntnu.no

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Nytt om namn*, så er adressa denne:
botolv.helleland@iln.uio.no

Vil du tinga bøker og skrifter frå tidlegare Namnegransking, kan du senda e-brev til:
botolv.helleland@iln.uio.no

Kartverket har denne heimesida:
kartverket.no

Norsk stadnamnleksikon:
www.norskstadnamnleksikon.no

Norske stedsnavn/norske stadnamn:
toponymi.spraksamlingane.no/nb/app

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):
norgeskart.no

Språksamlingane:
www.uib.no/ub/101277/om-språksamlingane

Internettadresse for dei viktigaste nordiske og internasjonale namneinstitutta og forskarnettverka:

Danmark:
nors.ku.dk/forskning/centre-og-forskergrupper/center-for-navneforskning

Færøyane:
setur.fo

Finland:
sprakinstitutet.fi/sv

Island:
www.arnastofnun.is/is/nafnfraedi

Sverige:
www.sofi.se/namn

New trends in Nordic Socio-onomastics:
www.nordicsocioonomastics.org

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):
norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):
icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):
unstats.un.org/unsd/ungegn